

FORVALTNINGSPLAN FOR
KVANNDALEN
LANDSKAPSVERNOMRÅDE,
DYRAHEIO
LANDSKAPSVERNOMRÅDE
OG
HOLMAVASSÅNO
BIOTOPVERNOMRÅDE

i Suldal kommune, Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelingen

FORORD

Denne forvaltningsplanen er utarbeidd parallelt med verneplanen for Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde.

Utarbeiding av ein verneplan med heimel i naturvern- og viltlova for heiområdet Setesdal-Ryfylke er eit oppdrag frå Miljøverndepartementet til Fylkesmennene i Agder-fylkene og Rogaland gitt i brev av 9.mars 1989. Verneplanen bygger på heiplanen for "Heiområdet Setesdal - Ryfylke" frå 1986 og er i samsvar med Fylkesplan for naturvern 1992-95, Rogaland fylkeskommune og St.meld. nr. 62 (1991-1992) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge".

Sommaren 1991 fortsette Fylkesmannen i Rogaland arbeidet med verne- og forvaltningsplan for Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde. Fylkesmannen i Rogaland og Suldal kommune har vore samde om å følgje den framdrifta det er lagt opp til i *kommuneplanen 1986-1996* gjennom bandlegging av Kvanndalen og Dyraheio som landskapsvernområde og Holmavassåno som biotopvernområde i arealdelen.

Etter orienteringsmøte på Nesflaten juni 1991 blei det gjort grunneigarintervju sommaren 1991 for å kartlegge næringsinteressene innafor dei føreslegne landskapsvernområda, og for å supplera kunnskapane om natur- og kulturlandskapet og bruken av dette. Eit førebels utkast til forskrifter og forvaltningsplan blei sendt ut til alle grunneigarane for reaksjonar og kommentarar, og har vore diskutert i møte med grunneigarrepresentantane, kommunen og landbrukskontoret.

Fylkesmannen foretar eventuelle naudsynte endringar og godkjenner forvaltningsplanen etter at denne har vore til høyring. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande slik verneforskriftene er det, og vil såleis berre vera retningsgjevande for forvaltninga av landskapsvernområdet. Forvaltningsplanen gir grunnlag for framtidig forvaltning og bruk av området. Revisjon av forvaltningsplanen skal skje når tilhøva i landskapsvernområdet krev det, og minst kvart 10.år.

Forvaltningsplanen kan gå inn som ein del av fleirbruksplanprosessen for heiområdet Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane. Det rådgjevande kontaktutvalet/tilsynsutvalet bør vurdere å revidere forvaltningplanen.

Denne forvaltningsplanen er utarbeidd av engasjert konsulent Tom Sørum i nært samarbeid med friluft- og naturvernkonsulent Audun Steinnes og naturverninspektør Bjørn S. Berg. Ein vil takke grunneigarane for deira bidrag gjennom intervju og grunneigarrepresentantane, kommunen og landbrukskontoret for godt samarbeid.

Stavanger april 1993


Sigmund Hatløy
fylkesmiljøvernssjef


Bjørn S. Berg
naturverninspektør

INNHALD

FORORD	3
INNHALD	4
1. SAMANDRAG.....	6
DEL A. GENERELL OMTALE AV KVANNDALEN, DYRAHEIO OG HOLMAVASSÁNO TREKKVEG	
2. INNLEIING	7
2.1. Landskapsvern og biotopvern som verneform	8
2.2. Forvaltning av naturvernområde i Noreg.....	9
3. NATURFAGLEG OG HISTORISK BAKGRUNN.....	10
3.1. Geografisk plassering og eigedomstilhøve	10
Oversiktskart.....	11
3.2. Verneverdiar	13
3.3. Naturforhold	14
3.3.1. Geologi og landskap.....	14
3.3.2. Vegetasjon	15
3.3.3. Fugle- og dyreliv	16
3.4. Kulturhistorie	17
3.5. Bruk av områda i dag	19
3.6. Inngrep	20

DEL B. FORVALTNING AV KVANNDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE,
DYRAHEIO LANDSKAPSVERNOMRÅDE OG
HOLMAVASSÅNO BIOTOPVERNOMRÅDE

4. MÅL, PROBLEMSTILLINGAR OG STRATEGIAR.....	21
4.1. Mål for forvaltning av landskapsvernområde i Noreg	21
4.2. Mål for forvaltninga av Kvanndalen landskapsvernområde, Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde	23
4.3. Problemstillingar og utfordringar knytta til forvaltninga av områda	25
4.4. Forhold til tilgrensande område.....	26
4.5. Strategiar	27
5. SONEINNDELING.....	28
5.1. Kategoriar for soneinndeling	28
5.2. Soneinndeling av landskapsvernområda	29
5.3. Soneinndeling av tilgrensande område.....	29
6. PRAKTISERING AV VERNEFORSKRIFTENE OG TILTAK	32
6.1. Aktuelle problemstillinger og brukarinteresser	32
6.1.1. Landbruk.....	33
6.1.2. Motorferdsel i utmark.....	36
6.1.3. Bygningar	38
6.1.4. Friluftsliv og reiseliv	40
6.1.5. Villrein, jakt og fiske	42
6.2. Tiltak og skjøtselsplan.....	43
7. FORVALTNING, OPPSYN OG INFORMASJON	46
7.1. Dei ulike forvaltningsorgana	46
7.2. Rådgevande utval for forvaltninga.....	46
7.3. Plan for oppsyn	46
7.4. Informasjon	47
8. LITTERATURLISTE	48
9. VEDLEGG.....	51
Verneforskrift	52
Kart	63
Handlingsplan	65

1. SAMANDRAG

Føremålet med denne forvaltningsplanen er at han skal vise praktiseringa av verneforskriftene, og hjelpe til å oppretthalde og fremje verneføremålet med minst moglege ulemper for andre brukarinteresser.

Kap. 3 tek for seg naturforhold, kulturminne, bruk og inngrep i området. Området blir i dag brukt til sauebeite (også utleige av beite), vedhogst, jakt, fiske og friluftsliv.

Kap. 4 omhandlar mål, problemstillingar og strategiar. Hovudføremålet for forvaltninga av landskapsvernområda må vera å gje vern for landskapsbilete som ein heilskap, samstundes som utnytting som er i gang, og som ikkje bryt med verneføremålet, kan halde fram. Det er ønskjeleg å behalde ein kulturpåverknad gjennom t.d. husdyrbeiting og hogst i området for å unngå tilgroing eller andre uønska endringar i landskapsbiletet. Tekniske inngrep skal vanlegvis ikkje finne stad i eit landskapsvernområde, eller dei må i alle fall vera så små at dei ikkje endrar landskapsbiletet. Det vil ha mykje å seie for landskapsvernområdet at kvalitetar og verneverdiar i tilgrensande område vert tekne vare på, noko kommunane og grunneigarane har hovudansvaret for.

Kap. 5 kjem inn på kategoriar for soneinndeling av verneområda. Korleis ein skal dele områda inn i soner bør ein kome tilbake til ved revisjon av forvaltningsplanen, etter at ein har fått noko røynsle med forvaltninga.

Kap. 6 omhandlar praktisering av verneforskriftene og tiltak. Det er ønskjeleg med jord-og skogsbruksdrift som fører til at støl-, beite- og slåttelandskapet blir haldt vedlike. Det vil frå forvaltningsstyresmakta bli ført ein restriktiv haldning til inngrep som vesentleg endrar eller innverkar på landskapskarakteren, som t.d. vegbygging, større nydyrking, flatehogst over 2 daa. Vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg er ønskjeleg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk. Stavanger turistforening har eit godt utbygd turisthytte- og løypenett som gjer området lett tilgjengeleg. Det skulle derfor ikkje vere naudsynt med noko vidare omfattande tilrettelegging. Ein vidare fortetting av turistshytter og løyper er vanskelig å gjennomføre utan at det fører til meir uroing av villreinen. Menneskeleg ferdsel kan kome i konflikt med naturvernomsyn. Dette er problem som kan bøtast på anten ved "positive" (kanalisering og tilrettelegging) eller "negative" (restriksjonar og forbod) tiltak. Naturvernlova og viltlova gjev høve til å regulere ferdsla i landskapsvernområde av omsyn til dyrelivet eller andre verneverdiar.

Så lenge drifta i Kvanndalen og Dyraheio hindrar tilgroing er det ikkje naudsynt med skjøtselstiltak. Forvaltningsstyresmakta har i tilfelle ansvaret for å setja igang, driva og kosta dei skjøtselstiltaka som ein blir samde med grunneigarane om.

Kap. 7 tek for seg forvaltning, oppsyn og informasjon. Det er ønskjeleg og naturleg at fylkesmannen og kommunen finn ein praktisk måte å fordele ansvar og arbeidsoppgåver på i samband med forvaltninga av vernområda. Til å hjelpe fylkesmannen / kommunen med forvaltninga skal det opprettast eit rådgjevande utval / tilsynsutval. Det er ønskjeleg med meir informasjon som kan medverke til at dei som ferdist i fjellet vert klar over og tek omsyn til naturverdiane og dyrelivet.

DEL A. GENERELL OMTALE AV KVANNDALEN, DYRAHEIO OG HOLMAVASSÅNO TREKKVEG

2. INNLEIING

Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv, verdifulle stølsområde og beitelandskap og eldre og nyare kulturminne etter støling, heiebeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Føremålet med biotopvernet er å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde.

Føremålet med forvaltningsplanen er at han skal vise praktiseringa av verneforskriftene, og hjelpe til å oppretthalde og fremje verneføremålet med minst moglege ulemper for andre brukarinteresser.

Forvaltningsplanen omfattar Kvanndalen i nord som grenser mot Hordaland og Telemark fylke, trekkvegen over Holmavassåno mellom Sandvatnet og Holmavatnet som grensar mot Aust-Agder, og Dyraheio inn til fylkesgrensa mot Aust-Agder, frå Hongsnuten i nord til Odden og Blåsjømagasinet i sør. Planen omtalar også forholdet til dei tilgrensande områda nord, aust og sør for verneområda.

Forvaltningsplanen inneheld ein kortfatta omtale av verneområdet, med spesiell vekt på verneverdiane og opplysningar som er relevante for praktiseringa av verneforskriftene, tiltak og skjøtsel.

Forvaltningsplanen skal gi retningsliner for korleis forvaltningsstyresmakta vil vurdere og handsame ulike problemstillingar og tiltak som ein rekner som aktuelle. Planen er såleis ein reiskap som både skal fremje verneføremålet, og bidra til ei smidig forvaltning i landskapsvernområdet. Forvaltningsplanen skal i prinsippet omfatte alle aktuelle aktivitetar og tiltak i Kvanndalen og Dyraheio, og er ikkje ein sektorplan for landbruket.

Forvaltningsplanen tek fyrst og fremst for seg praktiseringa av verneforskriftene. Etterkvart kan det bli aktuelt med ein meir detaljert tiltak og skjøtelsesplan for å hindre tilgroing og for å ta vare på kulturminna, men foreløpig ser ut til at Kvanndalen og Dyraheio blir skjøtta best ved å brukast fornuftig.

Det er ikkje vanleg å lage forvaltningsplan samstundes som ein legg fram ein verneplan, og han bør oppfattast som ei første skisse. I første omgang er det aktuelt med ei enkel omarbeiding i samband med høringa. Ein bør truleg leggja opp til ein snarleg, meir omfattande revisjon eller utarbeiding av ein detaljert plan som t.d. tar opp stølsområda dersom dei blir verna. Fylkesmannen skal godkjenne forvaltningsplanen.

2.1. Landskapsvern og biotopvern som verneform

Lov om naturvern har følgjande føremålsparagraf:

- § 1. "Naturen er en nasjonal verdi som må vernes. Naturvern er å disponere naturressursene ut frå hensynet til den nære samhørighet mellom mennesket og naturen, og til at naturens kvalitet skal bevares for fremtiden. Enhver skal vise hensyn og varsomhet i omgang med naturen. Inngrep i naturen bør bare foretas ut frå en langsiktig og allsidig ressursdisponering som tar hensyn til at naturen i fremtiden bevares som grunnlag for menneskelig virksomhet, helse og trivsel."

Landskapsvernområde er definert som følgjande:

- § 5. "For å bevare egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap kan arealer legges ut som landskapsvernområde. I landskapsvernområde må det ikke iverksettes tiltak som vesentlig kan endre landskapets art eller karakter. Fylkesmannen avgjør i tvilstilfelle om et tiltak må anses å ville endre landskapets art eller karakter vesentlig."

Landskapsvern er den mildaste forma for områdevern etter naturvernlova.

Landskapsvernområde er vern mot tiltak som "vesentlig kan endre landskapets art eller karakter". Dette er såleis eit mindre omfattande vern enn det som gjeld nasjonalpark.

Landskapsvernomgrepet stiller ikkje same krav om store område, urørt natur og statleg grunn. Det er godt eigna til bruk i store naturområde der ein ikkje treng så strenge vernereglar som i nasjonalparkar eller naturreservat. For kulturlandskap, som til dels fortsatt skal kunne utnyttast økonomisk, er landskapsvernområde den einaste verneformen som kan nyttast etter naturvernlova. Landskapsvernområde kan også opprettast i tilknytning til kulturminne (Backer 1986).

Heimelen for forslaget om **biotopvern** er viltlova § 7, 2. ledd om "vern av viltets leveområder (biotopvern)":

"I områder som har særlig verdi for viltet, kan Kongen fastsette forbud mot anlegg, bygging og annen virksomhet, herunder ferdsel, dersom dette er nødvendig for å bevare viltets livsmiljø. (m.a. i heiplanen frå 1986 (Planfagleg rådgjevingsgruppe 1986)) som ei godt eigna og tilstrekkeleg form for vern av området ved Holmavassåno. Trekkvegen ligg i eit område som er så sterkt påverka av inngrep, at det er lite eigna til landskapsvernområde. Vern av spesielle trekkvegar og kalveområde for storvilt er i Ot. prp. nr. 9 (1980-81) nemnd som typiske døme på aktuelle biotopvernområde. Departementet peiker på ei generell erkjening av at menneskeleg verksemd som regel er til skade for viltet og at ein trekkveg for storvilt er eit typisk område som kan trenge vern mot bygging og anlegg.

Biotopvern etter viltlova gir heimel til å forby eller regulere all menneskeleg aktivitet heile eller delar av året. Dette inneber at alle inngrep og all ferdsel må ta omsyn til villreinen, og at ein kan forby inngrep og ferdsel som kan hindre reinen sin bruk av områda.

2.2. Forvaltning av naturvernområde i Noreg

Til nå har norsk områdevernpolitikk for nasjonalparker og større verneområde gått ut på verne uten å leggje særleg vekt på forvaltning og skjøtsel. Forvaltninga har vore passiv og medveten varsam på grunn av små økonomiske ressurser. Forvaltningsplanar for nasjonalparker og større verneområder har bakgrunn i ynskje om ein meir aktiv forvaltning og større differensiering både mellom verneområda og innafor kvart område.

Som ein lekk i å betre forvaltninga av større verneområde og nasjonalparker, har ei arbeidsgruppe nedsett av Direktoratet for naturforvaltning føreslege at alle større verneområde blir delt inn i soner, som har ulike målsettingar med omsyn til vern og bruk. Vern av naturmiljøet er likevel det overordna målet for alt areal i verneområda.

3. NATURFAGLEG OG HISTORISK BAKGRUNN

3.1. Geografisk plassering og eigedomstilhøve

Kvanndalen landskapsvernområde er dekkja av kartserie M711 (Statens kartverk), kartbladene 1314 II Suldalsvatnet, 1414 III Breive og 1414 IV Haukelisæter.

Kvanndalen ligg lengst nord i planområdet og dannar ein naturleg overgang til Hardangervidda mot nord og heng saman med Holmavassåno biotopvernområde og Dyraheio landskapsvernområde i sør. Dalen har utspring ved vasskilet mellom Ståvassdalen og Kvanndalen med Kistenuten i aust og Høghellernuten i vest. Kvanndalen strekker seg derfrå ca. 10 km i SSV-retning før den ender i brattskrånningen ned mot Roaldkvam og Suldalsvatnet.

Kvanndalen landskapsvernområde er avgrensa av fylkesgrensa mot Hordaland (Odda kommune) i nord, og Telemark (Vinje kommune) i nord og aust. I SA går grensa mot Holmavassåno biotopvernområde til høgde 1053 N for Sandvatnet. Herfrå går grensa over Havrevassnibba, vidare over nordenden av inntaksbassenget i Kvanndalen til Melsnuten. I vest går grensa over Melsnuten og Trollskeinutane fram til fylkesgrensa.


Kvanndalen landskapsvernområde er ca 84 km² stort, og omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 68/1,16,26,53, 69/1,3.

Dyraheio landskapsvernområde er dekkja av kartblada 1313 I Blåfjell, 1314 II Suldalsvatnet, 1413 IV Botsvatn og 1414 III Breive.

Dyraheio landskapsvernområde ligg aust for Suldalsvatnet og strekker seg frå Bleskestadmoen i nord til Strandalen og Odden i sør. Dyraheio landskapsvernområde bind saman Kvanndalen landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde i nord, med andre delar av kjerneområdet som er planlagt verna i Aust-Agder. Store delar av Dyraheio er villmark utan vegar, regulerte vassdrag eller turistløyper.


Nordgrensa for Dyraheio landskapsvernområde går frå tjørn vest for Havrenosnibba over Hongsnuten til Storhedderfjelli i aust. Vidare er området avgrensa av fylkesgrensa mot Aust-Agder (Bykle kommune) i aust. Frå nordenden av Blåsjømagasinet går grensa mot vest over Odden og Kjelkanut. Vestgrensa går frå Kjelkanuten over Håvardslåttnuten og Grunnevassfossen, over Kaldagjuvet, Botnanutane, Dyrskardnuten, Reinskvelven, Åimellom, ned til tjørn NV for Jonsstøl til vassinntaket i Gaukstølsåno, opp til Stemvatnet SV for Kvannibba og over Stordalshetta til Havrenosnibba.

Dyraheio landskapsvernområde er ca 300 km² stort, og omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 38/1, 39/1,2, 40/1,2, 41/2, 42/1,2,3, 43/1,2, 54/1,2,3, 55/1, 56/1,2, 57/1,2, 66/1, 67/1,3, 68/1,2,3,4,5, 137/Suldal statsallmenning.



OVERSIKTSKART

M 1:770 000



A) KVANNDALEN
LANDSKAPSVERNOMRÅDE

B) HOLMAVASSÅNO
BIOTOPVERNOMRÅDE

C) DYRAHEIO
LANDSKAPSVERNOMRÅDE

SULDAL KOMMUNE, ROGALAND

FYLKESMANNEN I ROGALAND
JULI 1992

Holmavassåno biotopvernområde er dekket av kartblad 1414 III Breive.

Holmavassåno går mellom Holmavatnet og Sandvatnet. Begge vatna er regulert og elva er turrlagt når det ikkje førast over vatn mellom magasinane. Holmavassåno biotopvernområde bind saman Kvanndalen landskapsvernområde i nord og Dyrhaio landskapsvernområde i sør. Her går trekket til viktige beiteområda på heiane rundt Kvanndalen.

Biotopvernområdet er avgrensa av Kvanndalen landskapsvernområde i nord, Dyrhaio landskapsvernområde og fylkesgrensa mot Aust-Agder (Bykle kommune) i sør, og fylkesgrensa mot Telemark (Vinje kommune) i aust. I vest går grensa over Endanuten og rett sør over Sandvatnet til Storhedderfjelli.

Holmavassåno biotopvernområde er ca 23 km² stort, og omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 67/14, 68/1,16.

3.2. Verneverdiar

Urørt natur har eigenverdi. Dessuten er urørt natur viktig å ta vare på for ettertida for:

- forskning/referanse
- å sikre eit representativt utval av naturområde med naturleg biologisk mangfald
- å gje trua, sårbare og andre verneverdige "kulturskye" dyr-og planteartar store nok område til å leve under naturlege tilhøve
- å gje grunnlag for rekreasjon i urørt natur
- å gje komande generasjonar høve til å prioritere arealbruk utifrå eige ønskje

Område utan tekniske inngrep minkar raskt og har verneverdi m.a. som referanseområde. I eit heiområde der store delar er påverka av inngrep, har dei gjenverande områda særleg høg verdi. Slike område finn vi sentralt i Dyraheio landskapsvernområde sørvest for Meien i grenseområda mellom Bykle og Suldal kommunar.

Variasjon i landskapsformer gir eit område verdi i vernesamanheng, særleg dersom det finst sjeldne landskapsformer. Landskapsform er samspelet mellom fjellformasjonar, geologi, lausmassar, vatn og vassdrag og vegetasjon. Landskapet i Kvanndalen og Dyraheio er variert med frodige stølsdalar i fyllittsona, blankskurt, småkupert og jamnhøge område med grunnfjell og tallause vatn, og bratte og høge fjelltoppar der restar av skyvedekket ligg att oppå grunnfjellet.

Kvanndalen og Dyraheio er godt egna som typeområde for sørvestleg fjellflora og rik fjellvegetasjon i indre Ryfylke / sørlege Vestlandet. Området representerer eit allsidig naturtypeområde i fjellet i Rogaland. Bergjunker veks i Noreg berre frå Dyraheio til Vormedalsheia i Ryfylke og ved Sulitjelma i Nordland.

Med bakgrunn i at store verdifulle produksjonsområde er demd ned, og at store delar av området er snaufjell, er det særleg viktig å ta vare på dei gjenverande gode produksjonsområda for viltet. Område med ein vital funksjon for villreinen som t.d. kalveområde og trekkvegar har høg verneverdi. Nokre av desse områda er samstundes truga som følge av inngrep eller ferdsel. Trekkvegen Holmavassåno mellom Holmavatnet og Sandvatnet er særleg viktig å sikre som vår- og sommartrekka. Dyraheio og Kvanndalen har svært høg verdi som følge av at det er både sommar- og vinterbeite for villreinen.

Heiebeite har høg verdi for sau. Heiane er heilt avgjerande for sauehaldet, særleg det store sauehaldet i kommunar som til dømes Finnøy som ikkje har nok beitegrunnlag i eige kommune.

Ein ønskjer også å ta vare på og verne om eit mangfald av landskapstypar og kulturmark, som til dømes høgheia, stølsområde og beitepåvirka skog. Natur- og kulturlandskapet er prega av kulturminne som dyregraver, hidlarar, gamle jakthytter, stølar, løer og stakkplassar.

Naturkvalitetane i heiområdet gjer det attraktivt for fot- og skiturar. Området har høg verdi som turområde for folk frå heile landsdelen og turistar utanfrå.

3.3. Naturforhold

3.3.1. Geologi og landskap

Heiområdet er den sørvestre utlauparen av fjellområda i Noreg. Region 35 er den subarkto-alpine regionen i søre del av fjellkjeda. Denne regionen har for det meste fjellmorfologi med snaufjell, subalpin bjørkeskog og subalpin barskog i djupare søkk og dalar som står i samband med barskogsregionen i aust. Underregiona er 35 a) Suldalsheiane, med utprega fjelltopografi og næringsrike skifrar med interessant flora, og med lite lausmasser (NU B 1977:34).

Fjellgrunnen i området er prega av ei klar tredeling av bergartane, noko som er typisk for dei nord-austre delane av Ryfylke. Underst ligg grunnfjellet som pregar det meste av Ryfylkeheiane. Grunnfjellet er stort sett samansett av næringsfattige gneisar og granittar som forvitrer langsamt og gir dårleg jordsmonn. I slutten av jordas urtid (prekambrium, ca. 600 mill. år sidan) blei grunnfjellet tært ned av naturkreftene til ein relativt flat slette, det subkambriske peneplan.

Peneplanet blei oversvømma av havet i jordas oldtid (kambrium, ordovicium og silur, ca. 600-400 mill. år sidan). Oppå grunnfjellet blei det avsett lausmasser som seinere blei omdanna til bergartar. Dei kambro-siluriske bergartane har rikeleg med næringssalter, m.a. kalk, og dei forvitrar lett og gir eit godt jordsmonn. Bergartar av denne typen er blant anna svart og grå fyllitt og kvartsglimmerskifer.

Under den kaledonske fjellkjedefoldinga som skjedde for ca. 395 mill. år sidan, blei store grunnfjellsflak pressa opp og skove over dei kambrosiluriske bergartane. Desse flaka blei omdanna til gneissar og kvartsittar under foldinga. Desse såkalla skyvedekka består altså av bergartar som er eldre enn dei kambrosiluriske bergartane under. Liksom grunnfjellet forvitrar skyvedekket seint.

Dei næringsrike kambro-siluriske bergartane gjer geologien i Kvanndalen og Dyraheio interessant. Desse bergartane gir næringsrike lausmassar med tilhøyrande rik vegetasjon. Terrengformasjonane er storslegne. Snønuten, Kistenuten og Vassdalseggi er dominerande trekk i landskapet takka vere det harde toppdekket av overskuva gneiss. Desse høge fjella står i kontrast til dei småkuperte og jamnhøge områda med grunnfjell og dei frodige stølsområdene.

3.3.2. Vegetasjon

Området mellom Suldalsvatn, Vinje i Telemark og Bykle i Aust-Agder inneheld det sørlegaste større område med ein fullt samansett fjellflora som inkluderer rik og kalkkrevande vegetasjon (Dahl 1906, Dahl 1907, Steinnes 1988).

Vegetasjonen på fyllitt-skifrane i Suldalsheiene er ein utlaupar og eit framhald av tilsvarande vegetasjon frå skifrane på Hardangervidda. I følge Dahl 1906/07 byrjar den rike skiferfloraen, eller reinrosevegetasjonen, frå grensefjella mot Telemark og Setesdal (Storhedderfjelli, Meien, Austre Kaldafjell) og strekker seg gjennom Kvanndalen, over Havrenosnibba, Urdavassnutane, Krokkvassnutane, Næverhatten, Raudnuten og Kverneheia. Ved Vestre Kaldafjell og Snønuten er skiferfloraen meir sparsomt representert, men sør for desse er det rikare med skifervegetasjon i Kvilldal- og Sandsaheiane.

Plantelivet i Dyraheio har mangfald, men er lite undersøkt. Ved Raudfjell og Raudnuten er det funne fleire sjeldsynte planter som kastanjesiv, rabbestarr og skredarve. Ved Grønafjell er det kalkkrevande artar. I fyllitt-fjellsidene og knausane i Strandalen finn ein mykje bergjunker og elles mange kravfulle artar. Bergjunker veks i Noreg berre frå Dyraheio til Vormedalsheia i Ryfylke og ved Sulitjelma i Nordland.

Kvanndalen med heiane rundt er særprega og vakre med artsrik og frodig vegetasjon, fyrst og fremst på grunn av fyltitten. Fleire planter har si sørvestgrense i området.

Av registrerte vegetasjonstypar kan nemnast blåbær-blålynghei, sekundær grashei, vierkratt, bregnesnøleie og reinrosesamfunn. Kvanndalen ligg klimatisk sett i eit grenseområde mellom Aust-og Vestlandet. Likevel er det oseaniske elementet mest markert i både flora og vegetasjon. Av vestlege oseaniske artar kan nemnast bjønnekam, rome og blåknapp. Av meir austlege artar kan nemnast turt og søterot. Artar som blåsprett, gulsildre, bjønnbrodd, sotstorr og reinrose viser at næringstilgangen er god i store delar av dalen (Prøsch-Danielsen 1990).

I samband med verneplanarbeidet er det gjort feltarbeid og utarbeidd kryssliste for området ved Raudnut, Stranddalen og Havrenosnibba, og artsliste for Jonsstøl, Prostøl, Bleskestadmoen, Nystøl, Stovo og Klauvskeimoen.

3.3.3. Fugle- og dyreliv

For dyrelivet i fjellet er bjørkebeltet særst viktig som yngle-, vekse- og vinterbeiteområde. Dei fleste kjende fjellvilt-arter finst i heiområdet. Rovfuglar som hubro, jaktfalk, dvergfalk, fjellvåk og kongeørn er registrert. Av vadefugl hekkar strandsnipe på lågheia, og fjøreplytt og heilo på høgheia. *Heilo* har hekkeområder nord for Isvatn, Endanuten og Gravtjønnuten, og to plassar nord for Dyrskardnuten (vest for Reinskvelven og aust for Nyastøl).

Av hønsefugler finn ein orrfugl med hekkeområde. *Lirypa* har helårs- og hekkeområder i lågheia. Nokre områder blir brukt heile året av både fjell- og lirype. *Fjellrypa* har gode heilårs- og hekkeområde mange stader i høgheia.

Av rovdyr finn ein ofte *rødrev* som har hi fleire plassar i området. *Fjellrev* har hatt hi i området, eit fjellrev-par og ein einsleg fjellrev blei sett på slutten av 1980-talet. Bestanden av fjellrev er truleg gått tilbake. *Røyskatt* finn ein blant anna ved Mestølen i Kvilldalsdalen.

Elgen trekker vår og haust i høgheia. *Hjorten* kan trekkje heilt opp på snaufjellet i vestre del av området.

VILLREINEN

Dyraheio og Kvanndalen har svært høg verdi som følge av at det er både sommar- og vinterbeite for villreinen. Dei gjenverande urørte områda har fått større verdi som følge av oppdemminga av Blåsjø. Villreinstamma i Setedal-Ryfylke møter frå naturen si side store utfordringar i kampen for å overleve. Dette skuldast særleg følgjande forhold:

- lite lav i vinterbeita (reinen må beite på planter som er tyngre å fordøye)
- skrinne sommarbeite i store delar av området
- vinterbeita er ofte vanskeleg tilgjengelege p.g.a. mye og hardpakka snø og is

Lengst nord i Kvanndalen trekker villreinen nord for Djupetjørn og Kvanndalstjønn og ned i Kvanndalen. Eit anna trekk går ved foten av Kistenutenden, over til Ståvassdalen og over Litledalsfleene. Villreinen har eit viktig trekk mellom Holmavatnet og Sandvatnet. Det er og trekk gjennom Sandvassbrekka, Tatrakvelven, Meiadalen, Urdaskar vest for Meien, og på sørsida av Holmavatnet. Lenger sør går det trekk langs nordsida av Raudfjellet og fleire trekk austover mellom Brudlednutane. Nord og sør for Skorpo og Heddevatnet går det fleire trekk.

Gode høve til å vandre over store område er naudsynt for at villreinen skal kunne utnytte beitegrunlaget. Det kuperte terrenget vi finn i delar av heiområdet gjer at reinen må trekkje på bestemte og ganske avgrensa område. I tillegg kjem ulike inngrep og ferdsel som kan vanskeleggjere trekkjet til villreinen.

Holmavassåno trekkveg mellom Holmavatn og Sandvatn er viktig å ta vare på fordi området rundt er prega av vassdragregulering og tekniske inngrep.

Villreinen i Setesdal-Ryfylkeheiene har dei viktigaste kalveområda i kommunane Valle og Bykle. Villreinen har særskilte viktige vinterbeite i nordvestre delar av heiområdet i kommunane Suldal, Hjelmeland og Forsand. Tilgangen til desse områda har stor verdi for bæreevnen og utbreiinga av stammen, og for å unngå at dyra trekkjer over til Hardangervidda eller Setesdal-Austhei.

(Opplysningane er delvis henta frå viltområdekartet og -registeret for Suldal kommune 1987 og 1992).

3.4. Kulturhistorie

Menneska har utnytta naturressursane i heiane gjennom minst 7000 år. Særleg ser jakt, fangst og beitebruk ut til å ha vore viktig, mens fiske har hatt mindre å seia. Store delar av heiområdet blir framleis brukt til sommarbeite for tusenvis av sauer. Heiane har også vore eit kommunikasjonsmessig bindeledd mellom landsdelane. Til dømes gjekk den kortaste vegen frå Setesdal til sjøen midt over høg fjellmassivet (Bang-Andersen 1983a).

Kulturhistorisk kan området grovt inndelast i høg fjell og stølssone. Høg fjellet omfattar store snaufjellsområde i høgdenivået ca. 900-1200 m.o.h. Kulturminne som bogastille og dyregraver dominerer. Kulturminna ligg som regel nær vasskanten eller høgst eit par hundre meter unna breidda av større vatn. Dei synest nesten utan unntak å ha samanheng med jakt og ferdsel i eldre tider (Bang-Andersen 1983a).

Stølssona omfattar stort sett høgdenivået ca. 400-900 m.o.h. og inkluderer øvre del av skogbeltet, mange vatn og myrområde. Støling (slått og beite) har etterlate dei fleste fysiske kulturspora. I stølssona utgjer tufter av forskjellig slag over halvparten av kulturminna. Deretter følgjer hellerar og trekolkonsentrasjonar. Dei aller fleste kulturminna er påvist på eller nær eksisterande stølsområde, svært ofte nær vatn, og synest i hovudsak å avspegle tidlegare tidars bruk av fjellbeite (Bang-Andersen 1983a).

Ein veit i utgangspunktet om få fornminne i området, men området er ikkje grundig undersøkt. Derfor er det som er funne dess meir verdifullt. Det er ikkje nokon grunn til å tru at det er færre fornminne her enn i dei områda som blei grundig undersøkt i samband med Blåsjøoppdemminga.

Godt vedlikehaldne stølar er det mange av i området. Stølslandskapet og stølshusa utgjer eit miljø som har ein sentral plass i heia og landskapshistoria.

Kvanndalen er ein typisk stølsdal for Suldalsheiane med rik vegetasjon som er sjeldan i denne delen av landet. Den rike vegetasjonen gav tidlegare grunnlag for mange stølar. Det er funne spor etter ti stølsområde i dalen som tidlegare blei rekna som den beste stølsdalen i Suldal.

Kvanndalen har vore støls- og utmarksområde for gardane Nordmark og Jordebrenn, seinare også Roaldkvam.

I Fylkesplan for kulturminne i Rogaland (9/88) er det eit forslag om særskilte vernetiltak for desse områda. På Fleso, Hidlerberg, Svultanuten og Jensafet står det stølshus eller hytter i dag. Tidlegare har det vore stølar på blant andre Fossaslåtto, Slåttastølen, Raudmyr og Bakkaleger.

Av andre kultur- og fornminne som bør nemnast er fleire hellerar, bl.a. ved Svultanuten, Raudmyr, Bakkaleger og Torshidler, tufter, buplassar, kolgroper, kve og opparbeida stiar og vad. Ved Litledalsfleene mellom Torshidler og Isvatnet ligg ein uvanleg velbevart dyregrav. I høgfjellet i området rundt Isvatnet, Litlavatnet og Holmavatnet er det dyregraver og bogastille.

Bleskestadmoen ligg i lågheisona med bjørkeskog og tilgjenge til høgheia. På Bleskestadmoen står det i dag eit forfalle stølshus og fjøs. I området ligg også Nystøl og Stovo der det står stølshus og løe. I utmarka har det vore over tjue lør og stakkplasser. Nokre av desse finn ein framleis, andre ser ein spor etter. Ved Klauvskeimoen ser ein tufter etter to stølshus, dei gamle materiala ligg stabla opp attmed.

Bråtveitstølane finn vi i dei to daldraga innafor Mostøl. Gaukstøl, Skitsøl og Krokvasstøl finn vi i dalen mot nordaust, og Jonstøl i dalen mot søraust. Ved Sandvatnet ovanfor Jonstølen har det òg vore ein støl. Stølane Nyastøl og Reinskvelven ligg mellom Hellefjell i nordaust og Dyrskardnuten i sørvest, mellom Bråtveit og Kvilldalsdalen

I *Kjetilstaddalen* ligg stølane Nystølen og Prostølen, ovanfor Prostølen ligg Kvelven. På Prostølen står det to stølshus med torvtak og to nyare hytter. På Kvelven sto det to fjøs og tre sel, i dag er det ei anleggsbrakke der. Av arkeologiske kulturminne finst det tufter, hellerar og trekolkonsentrasjonar.

Av kulturminne i høgheia gjer dei gamle jakthyttene mest av seg. Dei er ein naturleg del av bruken av fjellområda og kan vere eit positivt innslag i landskapet.

Området *Grasdalen - Breiavad* er spesielt frodig og rikt på kulturminne. I 1890-åra blei det sett opp hytte i Steinkilen og i Breiavad. I Steinkilen ligg det i dag to jakthytter, den eine er ei jordhytte. I Breiavad er det to hytter og ei steinbu.

Ferdselvegar mellom aust og vest finn ein også spor etter. Fleire av ferdselsvegane er nå innarbeidde i rutene til turistforeningen. I området rundt Krossvatnet er det ei rekkje dyregraver og bogastille. I Grjotdalen ligg det ei jordhytte.

Bergkrystallførekomstar finn ein blant anna ved Djupetjørnane og i Stranddalen. Bergkrystallar blei i steinalderen brukt som erstatning for flint. Bergkrystallane blir óg kalla dvergstein, og kan ha vore nytta også i seinare tider.

(Arkeologisk museum i Stavanger 1983a, 1983b, Bang-Andersen 1974, 1983a, 1983b, 1984).

3.5. Bruk av områda i dag

Kvanndalen og Dyraheio er viktige for fiske og friluftsliv og blir nytta av både fastbuande og tilreisande. Området er lett tilgjengeleg med bil til utgangspunkt for turar. Det ligg 4 turisthytter innafor landskapsvernområdet, Strandalshytta, Krossvatn, Bleskestadmoen og Kvanndalen. Strandalen er betjent i sommarsesongen, resten av året er hytta sjølbetjent. Hytta i Kvanndalen er ubetjent, dei øvrige hyttene er sjølbetjent. Det er eit vel utbygd løypenett i heia for fotturistar og om vinteren blir det kvista løyper for skiløparar. Andre turisthytter som er knytta til løypenettet i Kvanndalen og Dyraheio er Haukeliseter, Holmavasshytta, Sloaros, Vassdalstjørn og Kvilldal.

Hytte	Overnattinger 1990 - 1991					
	Vinter		Sommer		Total	
	90	91	90	91	90	91
Bleskestadmoen	201	247	224	323	425	570
Krossvatn	286	470	357	368	643	838
Kvanndal	0	5	94	87	94	92
Mostøl	156	164	446	442	602	606
Stranddalen	259	243	907	1026	1166	1269
Haukeliseter	4369	4244	5424	5858	9793	10102
Holmevasshytta	267	390	286	268	556	658
Kvilldal tur.sta.	7	5	107	110	114	115
Vassdalstjørn	281	243	155	176	436	419

Kilde: Stavanger Turistforenings årbok 1991

Før blei lågheia brukt til intensiv støling, slått, hogst, torvtaking og beiting av sau, geit og kyr. Stølinga tol slutt siste halvdel av 1950-åra, heislått blei drive fram til slutten av 1960-talet. Høgfjellet har alltid blitt brukt til jakt, fiske og beiting. I dag blir området brukt til utmarksbeite for sau, og ein del av beitet blir utleigd. Reinsdyr- og rypejakta betyr mykje for grunneigarane, og somme sel delar av fellingsløyva på rein.

I dag skjer ei viss tilgroing i stølsområda av vier, einer og bjørk, då sauene har store område å beite på og beitepresset er lågt. Det er lite hogst i bjørkeskogen. Det blir hogge noko ved til bruk på hytte og gard, men dette er lite samanlikna med dengong det blei støla. Det blir ikkje lenger slått i området. Nokre nye hytter til jakt, fiske, gjeting og fritid er sett opp, elles blir dei gamle stølshusa og jakthyttene stort sett haldne i god stand og brukt av eigar og til utleige.

Det vil framleis vere ønskje frå grunneigarane om å bygge hytter i heia til bruk i samband med landbruk, utmarksnæring, fiske og jakt. Når det gjeld bygging av utleigehytter er det fyrst og fremst aktuelt å bygge hytter nærare veg og utanfor landskapsvernområdet. Det er òg ønskje om å bygge veg viss det blir aktuelt å ta opp stølinga igjen, ved eventuell nydyrking eller ved anna og ny utnytting av utmarka.

3.6. Inngrep

KVANNDALEN OG HOLMAVASSÅNA

Frå vestgrensa for Holmavassåno biotopvernområde og inn til Holmavatn går det veg/bomveg og to kraftliner (375/420 kV) som deler Holmavassåno biotopvernområde i to. Sandvatnet blir oppdemt 21m og senka 9m (920-950). Holmavatnet blir oppdemt 4,5m og senka 5,5m (1048-1058). Inntaksbassenget Kvanndalsdammen blir oppdemt 10m, og det går veg fram til demninga. Isvatnet blir senka 10m (1285-1295). Det er planar om å ta inn Tverråna frå Litlavatn. Tverråna blir lagt i tunnel ca. 1 km ovanfor Sandvatnet og vatnet blir overført til Holmavatnet.

DYRAHEIO

Vestre Kaldavatnet blir demma opp 1,8m og senka 2,2m. Kaldsåna har derfor sterkt redusert vassføring ned til Gautevatnet. Vatnet blir ført over til Blåsjømagasinet via Vassdalane og Krossvatn, noko som fører til auka vassføring i vassdraget. Sør i Nøvletjørna er det ei demning og vatnet blir ført over til Skorpevadhøl som blir oppdemt 12,2m og senka 2,8m. Storåna nedanfor Skorpevadhøl får som følge av dette redusert vassføring.

Vassinntak i Kyrkjesteinåno, Jonsstølsåno, Gaukstølåno og nedanfor Grunnevatnet ligg alle rett utanfor landskapsvernområdet, og fører ikkje til endringar i vassføringa ovanfor. Bleskestadåno har redusert vassføring da Sandvatnet er oppdemt. Elva blir tatt inn i tunnel ca. 2 km nedafor Bleskestadmoen.

DEL B. FORVALTNING AV KVANNDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE, DYRAHEIO LANDSKAPSVERNOMRÅDE OG HOLMAVASSÅNO BIOTOPVERNOMRÅDE

4. MÅL, PROBLEMSTILLINGAR OG STRATEGIAR

4.1. Mål for forvaltning av landskapsvernområde i Noreg

Hovudføremålet med landskapsvernområde er å "bevare egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap", og å verne mot tiltak som "vesentlig kan endre landskapets art eller karakter" (naturvernlova § 5).

Dei landskapsvernområda som er oppretta, omfattar eit vidt spekter av naturtypar - utan at dette er skjedd etter eit systematisk opplegg. Motiva bak utlegginga til landskapsvernområde er som regel samansett. Ved sida av reint estetiske omsyn kan m.a. vitenskaplege omsyn spele ei rolle, likeins omsyn til friluftslivet. Også historiske grunnar kan liggje bak (Backer 1986).

Landskapsvernområda i Noreg er ulike med omsyn til kor urørte dei er, kulturpåverknad, tilgjenge, topografi, dyre- og planteliv m.m. Skilnaden mellom landskapsvernområda, og målet om at kvart verneområde bør forvaltast ut frå verne- og brukarinteresser på staden, gjer at dei kan verte forvalta ulikt.

Hovudføremålet for forvaltninga av landskapsvernområda må vera:

- å gje vern for landskapsbilete som ein heilskap
- at utnytting som ikkje bryt med verneføremålet kan halde fram

Først og fremst på bakgrunn av landformer og vegetasjon kan ein skilje mellom ulike landskapstypar. Også andre komponentar, ikkje minst tilknytning til vatn og kulturpåverknad, spelar ei rolle for inndelinga i landskapstypar. Frå naturen er Noreg utstyrt med eit variert utval av landskapstypar, og ulike former for kulturpåverknad gjennom tidene har vore med å auke mangfoldet enda meir. Samstundes er det visse landskapstypar som kan reknes som karakteristiske eller representative for dei ulike regionane.

Vi er i dag i den situasjon at fleire landskapstypar står i fare for å forsvinne. Det kan enten henge saman med at den kulturpåverknaden som ein landskapstype er betinga av, heng saman med former for verksemd som no er forlatt. Dette er i stor grad tilfelle t.d. for stølslandskap og tradisjonelt jordbrukslandskap. Eller landskapstypen er utsett for endring gjennom nye former for kulturpåverknad, enten det skuldast meir intensivt landbruk eller tekniske inngrep.

Kulturhistorisk representerer det eit tap om vi mistar landskapstypar som tidlegare var utbreidd. Variasjon i landskapet er ein viktig føresetnad for rike opplevingar. Økologisk kan tidlegare landskapstypar prega av variasjon i utforming og vegetasjon vera rikare på artar og meir stabile enn einsarta bestandar som blir skapt gjennom moderne driftsmåtar.

Det er derfor eit stigande behov for å verne landskapstypar. I mange tilfelle kan det skje gjennom nasjonalparkar og naturreservat. Særleg der det er snakk om kulturpåverka natur eller område der det er ein føresetnad med ei viss næringsdrift, kan forma landskapsvernområde vera den beste (Backer 1986).

Verneforma landskapsvernområde skal i utgangspunktet tillate drift av jord- og skogbruk så lenge estetiske omsyn blir tatt til landskapet i samband med slik drift, og drifta lét seg sameine med verneføremålet.

Det er ønskeleg å behalde ein kulturpåverknad gjennom t.d. husdyrbeiting og hogst i området for å unngå tilgroing eller andre uønska endringar i landskapsbiletet.

Skjøtselstiltaka frå forvaltningsstyresmakta si side kan ikkje gå vesentleg lenger enn det som er naudsynt for å oppretthalde naturtilstanden eller landskapsbilete på fredingstidspunktet. Forvaltningsstyresmakta har til ein viss grad heimel til å snu ein naturleg prosess, men kan ikkje skape heilt nye miljø.

Tekniske inngrep skal vanlegvis ikkje finne stad i eit landskapsvernområde, eller dei må i alle fall vera så små at dei ikkje endrar landskapsbiletet.

Det må m.a. bli tatt omsyn til kva slags inngrepstype det er snakk om, omfanget av inngrepet, om inngrepet er sjemmende i forhold til miljøet på staden og om inngrepet vil gi uheldige langtidsverknader på miljøet rundt.

Gamle bygningar og anlegg særleg knytta til stølsbruk og jakt/fiske, og ferdselsårer, kan vera viktige tilleggsmotiv for å oppretta landskapsvernområde. Men kulturminna må til ein viss grad prega landskapskarakteren for at landskapsvernreglane skal trygga dei. Andre verneformer etter naturvernlova gir ikkje heimel til særskild vern og skjøtsel av kulturminne. Vern av bygningsmiljø må skje etter kulturminnelova eller ved regulering til antikvarisk spesialområde etter plan- og bygningslova.

Eit landskapsvern inneber ikkje noe direkte vern av dyrelivet utover det generelle vernet i viltlova. Eit landskapsvern sikrar hovudtrekka i landskapet, verna mot uheldige inngrep og sikrer såleis grunnlaget for dyrelivet. Eit vern av landskapet er til fordel for fiske ved at det sikrar vatn og vassdrag utan inngrep.

4.2. Mål for forvaltninga av Kvanndalen landskapsvernområde, Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde

Forvaltninga skal fremje verneføremåla for det enkelte verneområdet. I forskrift om vern av Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområde heiter det:

"Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv, verdifulle stølsområde og beitelandskap og eldre og nyare kulturminne etter støling, heiebeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa."

I forskrift om vern av Holmavassåno biotopvernområde heiter det:

"Føremålet med biotopvernet er å sikre viktige trekkveggar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområde."

Følgjande kvalitetar i heiområdet ønskjer ein å sikre:

- store samanhengande område med urørt natur eller svakt kulturpåverka natur
- landskapet med variasjonen i naturtypar og kulturlandskap, frå låg- til høghei
- det rike plantelivet med mange næringskrevjande artar
- leveområda for viltet

Regulerte vatn og elvar, kraftliner, vegar og hytter vil ofte vera forstyrrende i landskapet. Ein stor del av heiområdet Setesdal-Ryfylke har etter ei lang rekkje større og mindre inngrep mista sitt preg av villmark. Vi sit att med om lag 500 km² eller snautt 10 % av heiområdet som ligg minst 5 km frå regulert vatn/vassdrag, veg eller kraftleidning. Dei fleste inngrepa har skjedd etter 1955, då meir enn 3000 km² låg meir enn 5 km frå tekniske inngrep. Derfor er det viktig å ta vare på det som er att av fjellområde utan tekniske inngrep.

- **Det er eit mål å ta vare på det som er att av urørt natur i Kvanndalen og Dyraheio.** Inngrep i området må vurderast i forhold til kva slags inngrepstype det er snakk om, omfanget av inngrepet og om inngrepet vil gi uheldige langtidsverknader. Døme på inngrep som kan vere uheldige er oppdemming, hyttebygging og vegbygging. Bjørkebeltet og rike beiteområde i heiane er døme på område som har høg verdi for viltet og som sauebeite. Med bakgrunn i at stor verdifulle produksjonsområde er demd ned og at store delar av området er snaufjell, er det eit mål å ta vare på dei gjenverande produksjonsområda.
- **Det er eit mål å behalde kulturpåverknaden i stølsområda.** I hovudsak er heiområdet eit variert naturlandskap med svak kulturpåverknad gjennom beiting, og tidlegare slått. Ein finn døme på kulturprega landskap som stølvollar, beitemark o.l.
- **Det er eit mål å oppretthalde ein livskraftig villreinstamme som har Kvanndalen, Dyraheio og Holmavassåno som viktige område for beite og trekk.** Området er spesielt ved at det er det sørlegaste villreinområdet i Europa.

- **Det er eit mål at det skal vere mogleg å kombinere næringsutnytting med vern av heiområdet.** Det er ønske i lokalsamfunnet om å utvikle heiområdet som ein ressurs ved at det blir satsa på former for moderne utmarksnæring og turisme. Andre interessar i lokalsamfunnet har ikkje ønske i denne leia og legg større vekt på naturforvaltninginteresser som villrein og husdyrbeite, som kan kome i konflikt med ei slik næringsutvikling. Forvaltningsplanen er tenkt å vera ein reiskap for å åpne for visse former for utmarksnæring og turisme som ikkje strir mot verneføremålet, og utan at jakt- og beiteinteressar blir vesentleg skadelidane.

Utviklinga av turisme og reiseliv vil vere sterkt knytta til nettet av turløyper i heia, m.a.o. turistar som søker naturopplevingar. Urørt natur vil såleis vere ein viktig ressurs i tida framover. Ei utvikling av hei- og stølsområda bør leggje til grunn miljømål slik at ein sikrar grunnlaget for komande generasjonar.

- **Det er eit mål å gje ålmenta høve til naturoppleving gjennom tradisjonelt friluftsliv, som er lite avhengig av teknisk tilretteleggjing.**
- **Det er eit mål å halde omfanget av motorferdsel så lågt som mogleg.**

4.3. Problemstillingar og utfordringar knytta til forvaltninga av områda

Med omsyn til naturen ligg hovudutfordringa i å halde på den naturlege tilstanden i landskapsvernområda. Ein må redusere dei miljøproblema ein har i dag, og førebygge framtidige skader. Om mogleg må ein rette opp at skader som ein har i dag.

Miljøproblema kan delast i

- dei som skuldast tilhøve utanfor landskapsvernområda (t.d. sur nedbør og radioaktivt nedfall)
- dei som skuldast menneskelege aktivitetar og inngrep i verneområda (utbygging, uroing, motorstøy, slitasje, forsøpling m.m.)

Dei førstnemnde problema kan berre løysast utafor verneområdet. Då naturen i stor grad er urørt, burde området gje eit godt grunnlag for dokumentasjon av langtransportert forureining.

Andre problem kan i stor grad løysast i og kring landskapsvernområda. Utfordringa ligg i at menneskeleg bruk må vera tilpassa naturmiljøet.

I arbeidet med ein forvaltningsplan bør ein gripe fatt i følgjande fem hovud-utfordringar:

1. Sikre samanhengen i området
2. Konflikhtar mellom inngrep og vilt
3. Konflikhtar mellom ferdsel og vilt
4. Forholdet mellom landbruk/næringsmessig bruk og vern
5. Forholdet mellom friluftsliv og vern

For å sikre samanhengen i området blir utfordringa å ta omsyn til kva slags inngrepstype det er snakk om, omfanget av inngrepet, om inngrepet er sjemmende i forhold til miljøet på staden og om inngrepet vil gi uheldige langtidsverknader på miljøet rundt.

Konsekvensane av eit inngrep skal bli vurdert i forhold til heile landskapsvernområdet sett i samanheng, også områda rundt.

Når det gjeld konflikhtar mellom inngrep og vilt er utfordringa mykje den same som for å sikre samanhengen i området. Det blir å gjere ei riktig avveging mellom menneskeleg bruk av området opp mot villreinens bruk av dei same heiområda. Den same avveginga må gjerast mellom ferdsel og vilt.

Landbruk/næringsmessig bruk og vern er ei viktig problemstilling. For næringsmessig bruk ligg utfordringa i å få denne så natur- og miljøvenleg som mogleg. Urørt natur og det gamle kulturlandskapet har ein eigenverdi, og dei vil truleg bli ein viktig ressurs i framtida. Det er ikkje mogleg å kombinere ei sterk utnytting og utbygging med ivaretaking av urørt natur. I høve til landbruket ligg utfordringane i at bruken ivaretek det gamle kulturlandskapet der dette er verdfullt. Moderne landbruk og utmarksnæring sett som regel fleire og større spor etter seg enn gamle driftsmetodar.

Vernereglane gir rom for ei meir eller mindre streng praktisering, spesielt i høve til landbruksinteressene. Ei vurdering av korleis ein best kan oppnå føremålet med vernet samstundes som ein opnar for landsbruksutnytting er vanskeleg, men naudsynt. Dette gjeld først og fremst skogbruk, nyrydding og gjødsling av beite.

Gardsturisme/reiseliv innafør området må ta utgangspunkt i at det er eit landskapsvernområde. Utfordringa blir å utforme eit reiseliv som tek utgangspunkt i naturgrunnlaget utan å forbruke det.

For friluftslivet ligg hovudutfordringa i at all ferdsel må vera så "sporlaus" som mogleg og gje høve til gode naturopplevingar for dei som vil ferdast i heiområda.

4.4. Forhold til tilgrensande område

Det vil ha mykje å seie for landskapsvernområda at kvalitetar og verneverdiar i tilgrensande område vert tekne vare på, noko kommunen og grunneigarane har hovudansvaret for. Dessutan er mange av områda som grenser til landskapsvernområda, som til dømes sentrale innfallsportar, viktige i samband med forvaltninga av verneområda.

Område som er viktige i forvaltningssamanheng er :

- området nord og aust for Kvanndalen over fylkesgrensa til Hordaland, Odda kommune og Telemark, Vinje kommune
- området sør for Dyraheio landskapsvernområde og vest for Blåsjømagasinet
- den delen av Dyraheio som ligg i Aust-Agder, Bykle kommune
- randområda på vestsida av landskapsvernområdet som er merka som LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen

Forvaltningsplanen kjem derfor med innspill og legg fram korleis forvaltningsstyresmakta meiner tilgrensande område bør forvaltas (sjå kapitel 5.3.).

Forvaltninga av dei tilgrensande områda rekner ein med blir tatt opp mellom anna i fleirbruksplanlegginga av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane. Problemstillingar og utfordringar i dei tilgrensande områda vil i stor grad vera dei same som innafør landskapsvernområda.

4.5. Strategiar

Det er ikkje alltid like klart om ulike miljøproblem skuldast naturlege variasjonar, menneskeleg aktivitet eller ein vekselsverknad mellom desse. Denne uvissa om årsak og verknad må kome naturen til gode. Sagt på ein annan måte: ein må nytte "føre var-" prinsippet.

Så snart verneområda er oppretta er det viktig å leggje premissane for framtidig bruk av området og gjere avveginga mellom dei ulike brukarinteressene, men med rom for tilpassing på bakgrunn av røynsler med forvaltinga av området.

Ein kan ikkje sjå verneområda isolert frå områda omkring. Innfallsportane ligg utafør, samstundes er det viktig at det finst buffersoner kring landskapsvernområdet gjennom kommuneplanen og biotopvernområde så ikkje uheldige inngrep blir gjort tett opptil.

Ved ei soneinndeling av heiområdet kan ein differensiere mellom soner med ei mer eller mindre streng praktisering av verneforskrifta. Innafor ei sone kan ein også gjere eit skilje mellom ulike tider på året då verneforskrifta kan praktiseras meir eller mindre strengt.

For å førebygge problem som kan oppstå ved nye inngrep bør ein gjennomgå/analysere konsekvensane av desse. Det bør vere eit prinsipp at den som vil gjere eit inngrep klargjer dei virkningane inngrepet kan ha på natur og miljø. Det er verneføremålet og verneforskrifta som bestem kva som er mogeleg av inngrep. Da desse er restriktive til inngrep, vil det ikkje vere snakk om inngrep som treng store og omfattande konsekvensanalyser. Men ved dispensasjonar frå verneforskrifta eller unntak nemnt i kongelig resolusjon, kan det likevel vere nyttig med ein gjennomgang av moglege konsekvensar ved inngrep.

Ei god forvaltning av området byr på ein rekkje utfordringar. Det er viktig å få til ein smidig og effektiv forvaltning som ikkje gjer næringsutøving tungvint. Forvaltninga skal ha verneføremålet som overordna prinsipp, men samstundes vurdere kva slags aktivitetar som kan tillatast og korleis dei kan utøvast. Det er óg viktig å finne fram til samanfallande interesser mellom grunneigarar og verneinteresser. Mellom anna gjennom tilsynsutvalet må forvaltningsstyresmakta trekkje med grunneigarane i forvaltninga og oppsynet av området.

Ein bør også fokusere på det potensialet som finnst til å driva næring innafor landskapsvernområdet, som til dømes gardsturisme, utleigehytter og naturlosing. Reiseliv og turisme som blir knytta til øandbruket vil lettare kunne halde seg innafor verneforskriftene enn reiselivssatsing i stor skala.

5. SONEINNDELING

5.1. Kategoriar for soneinndeling

Utfordringane ein står overfor i forvaltninga av verneområde vil truleg vera best å ta stilling til ved å dele verneområda inn i soner. Sonene vil ha ulike målsettingar med omsyn til vern og bruk. Vern av natur er likevel det overordna målet for kvart enkelt verneområde, og verneforskrifta for området vil vera den same for heile området også ved soneinndeling.

Det vil vera ønskjeleg å danne soner der det kan vera få restriksjonar med omsyn til verneføremålet. Dei områda det er konflikhtar i bør delast opp i soner der det kvart tilfelle blir konkretisert kva som skal vera lov.

Ei arbeidsgruppe nedsett av Direktoratet for naturforvaltning har kome fram til 4 typer soner som ein kan bruke:

1) Spesiell vernesone

Dette er område som treng spesielt vern på grunn av eneståande eller trua natur- eller kulturverdiar. Her kan det vera aktuelt å regulere ferdsel. Som oftast dekker slike område relativt små areal.

Døme på område som bør bli spesiell vernesone er, kalvingsområde for rein, særleg verdfulle våtmarksområde eller myrområde.

2) Soner med urørt natur

Som oftast er dette villmarksprega område der naturvernomsyn er overordna andre interesser. Områda skal haldast utan innrep og uten tilrettelegging. Denne sona tilsvarar sone 1 i Norsk sti- og løypeplan.

Sone 1 i Norsk sti- og løypeplan er areal for friluftsliv utan tilrettelegging av noko slag. Det skal ikkje lagast nye innretningar for friluftsliv. Eventuelle eksisterande stiar bør ikkje nymerkast. Andre eksisterande innretningar slik som bruer, klopper eller lignande må kunne vedlikehaldast.

3) Brukssoner

Dette er område der føremålet er å halde på det naturlege miljøet, men der likevel ein del tiltak og inngrep kan tillatast, som merking av stiar og bygging av turlagshytter innafor eit planlagt rutenett. Denne sona tilsvarar sone 2a og 2b i Norsk sti- og løypeplan, tilrettelagte naturområde.

Sone 2a i Norsk sti- og løypeplan er tilrettelagte naturområde med ein enkel grad av tilrettelegging. Her kan det vera ubetjente eller sjølbetjente hytter med ein kapasitet på maks. 20-30 senger. Rutenettet er enkelt og uten kvisting i vintersesongen. Enkle suppleringer og nye ruter kan skje etter nøye avveging mot andre interesser knytta til naturforvaltning. Sonen skal omfatte område der ein ønskjer, eller som berre tåler, begrensa ferdsel.

I **sone 2b i Norsk sti- og løypeplan** kan det også skje ei enkel tilrettelegging, men med ein større kapasitet enn i sone 2a. Området kan ha betjente turisthytter, tettare rutenett med alternative ruter mellom hyttene, og kvisting i vintersesongen. Supplering og nyetablering av rutenett og hytter (kapasitet) må skje i samråd med andre interesser.

4) Soner med spesielle inngrep

Dette er område der det enten er gjort spesielle inngrep som vassdragsregulering, eller ein legg forholda tilrette for ferdsel og kan opne for spesielle brukarinteresser. Som oftast er dette mindre område av heilt spesiell interesse for visse grupper. Vanlegvis bør slike område leggest utanfor verneområda.

Døme på slike område kan vera areal rundt store betjente turisthytter, transportanlegg etc.

5.2. Soneinndeling av landskapsvernområda

Korleis ein skal dele områda inn i soner bør ein kome tilbake til ved revisjon av forvaltningsplanen, etter at ein har fått noko røynsle med forvaltninga.

Ei soneinndeling av stølsområda og deler av lågheia som brukssone vil vere naturleg, da det er i desse områda landbruksinteressene er størst.

Høgheia langs fylkesgrensa mot Aust-Agder frå og med Meien og sørover kan bli sone med urørt natur. Desse områda blei nemnt som sone utan tilrettelegging ved høyringa av Norsk sti- og løypeplan.

Spesielt viktige trekkveger for villreinen kan vere aktuelt å leggje ut som spesiell vernesone.

5.3. Soneinndeling av tilgrensande område

Tilgrensande område utgjer buffersone for landskapsvernområda. Forvaltningsstyresmakta kan og bør vurdere om område som grenser til landskapsvernområde bør soneinndelast, fordi bruken av området og tiltak og inngrep her vil påverke verdiane i landskapsvernområda.

Ansvaret for forvaltning og bruk av området ligg imidlertid til kommunen, fylkeskommunen og grunneigarane, men denne planen kan tilrå ein soneinndeling av tilgrensande område. Fleirbruksplanarbeidet for Setesdal Vetshei - Ryfylkeheiane vil òg vera bestemmende for bruken av tilgrensande område.

Området nord og aust for Kvanndalen over fylkesgrensa til Hordaland, Odda kommune og Telemark, Vinje kommune må ein vurdere samla av omsyn til villreinen. Eit samarbeid på tvers av fylkes- og kommunegrenser er naudsynt, og ein må vurdere kva slags status områda som grenser inn til landskapsvernområdet skal ha. I desse områda bør ein vere varsam med tilrettelegging med turløyper og hytter, utifrå omsynet til villreinen.

Området sør for Dyraheio landskapsvernområde og vest for Blåsjømagasinet som ligg i kommunane Suldal og Hjelmeland, er prega av vassdragsregulering og anleggsveiene. Området er viktig for villreinen. Anleggsvegen ved Øvre Moen deler seg i to, ein veg går inn til Skreivassdammen og ein går i tunnel frå Øvre Moen til Veneheia og Oddatjønn. Tunnelen blir ikkje brukt da den ikkje er sikra, og ein veg parallelt med tunnelen blir nytta i staden. Då konsesjonen blei gitt for bygging av denne veggen, var eit av vilkåra at veggen skulle gravast att når anleggstida var over. Ferdsl på anleggsvegane fører til uroing av villreinen. Når veggen er nedsnødd kjem villreinen tilbake. Spørsmålet er om ein skal fortsette å tillate fri ferdsel på desse vegane.

Sjølve Dyraheio held fram over fylkesgrensa til Aust-Agder, Bykle kommune. Dei to områda må ein sjå i samanheng når ein vurderer verneverdiane og omsynet til villreinen. Det bør vere eit mål at det blir oppretta landskapsvernområdet i høgheia også på andre sida av fylkesgrensa.

Randområda på vestsida av landskapsvernområdet er merka som LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen. Utnyttinga av dette området vil ha verknad på dyrelivet og landskapet som grenser opp mot verneområdet.

Sonene si status

Eventuelle soner kan ha ulik status, som til dømes:

- vern etter naturvernlova
- biotopvernområde med heimel i viltlova
- spesialområde med heimel i plan- og bygningslova

Nokre av dei tilgrensande område vil det vera naturleg å ha som landbruks-, natur- og friluftsområde gjennom Plan- og bygningslova.

Hvilken status ein gir sonene må blant anna avgjerast ut frå:

- omfang og type inngrep i området i dag
- kor stort behovet er for å regulere inngrep og ferdsel
- verneverdiar
- brukarinteresser

Områdevern etter viltlova er mogleg dersom området har "særleg verdi for viltet". Biotopvernet må vera "nødvendig for å bevare viltets livsmiljø". Dei restriksjonane som ein sett opp i vedtaket om biotopvern, må objektivt sett vera egna til å bevare livsmiljøet til viltet. Det kan berre vedtas restriksjonar som er naudsynt for å forby åtferd som vil forringa livsmiljøet til viltet (Backer 1986).

Det er heimel for å opprette verneområde ved reguleringsplan, sidan Plan- og bygningslova si § 25 nr. 6 nemner naturvernområde som døme på spesialområde. For åfremje eller sikre føremålet med reguleringa kan det i medhald av § 26 bli gitt nærare reguleringsforskrifter. Dette vil i praksis gjere det mogleg å gje tilsvarande verneforskrifter for verneområder i reguleringsplan som dei ein kan gje etter naturvernlova. Men den særskilde og nye erstatningsregelen i Plan- og bygningslova si § 32 kan nok avholde kommunane frå ei slik regulering (Backer 1986).

6. PRAKTISERING AV VERNEFORSKRIFTENE OG TILTAK

6.1. Aktuelle problemstillinger og brukarinteresser

Overfor grunneigarsida og landbruksinteressene må ein legge vekt på kva som er mogleg av næringsverksemd og bruk innafor verneområdet. Forvaltningsstyresmakta må finne ut kva for aktiviteter ein bør og kan stimulere til. Dette må ses i samanheng med dreininga av overføringane i jordbruket, der mellom anna gardsturisme blir ein del av landbruket.

Det er ønskjeleg med jord- og skogsbruksdrift som fører til at støl-, beite- og slåttelandskapet blir halde vedlike.

Aktuelle problemstillingar og brukarinteresser kan grovt delast i to:

- grunneigarane sin bruk av området
- ålmenta sin bruk av området

Det skal i utgangspunktet gis dispensasjon til naudsynte landbrukstiltak som i liten grad bryt med føremålet med vernet. Landbrukstiltak omfattar jord-, skog- og beitebruk, dessutan tradisjonelle utmarksnæringar som jakt, fangst og fiske. Det skal leggest vekt på fylgjande forhold:

- om tiltaket er landbruksfagleg forsvarleg og økonomisk lønsamt
- om tiltaket er knytta til hovudsysselsetjinga på bruket, og naudsynt for å trygge denne
- i kor stor grad tiltaket vil bryta med verneføremålet

Landbruksstyresmakta skal gje uttale om dispensasjonssøknader til større landbrukstiltak. Til dette blir rekna:

- større nydyrking
- vegar og luftleidningar til stølar
- skogtiltak som omfattar skogsvegar og flatehogst over 2 da
- nye landbruksbygg

Tiltak i samband med ny utmarksnæring, gardsturisme og utleigehytter vil bli vurdert etter dei same kriteriene. Tiltak i samband med eit utvida landbruksomgrep bør ein kome nærare tilbake til ved ein revidering av forvaltningsplanen.

Vernereglane inneheld fleire unntak frå det generelle forbodet. Desse unntaka, saman med andre aktuelle tiltak, blir handsama i det fylgjande.

6.1.1. Landbruk

I verneforskriftene heiter det:

IV, For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Landskapet

1.1. Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna:

a) oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rasteplassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak, utfylling eller oppfylling av masse, drenering eller tørrlegging, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar eller røygater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, e.l.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

b) nydyrking, treslagsskifte, granplanting, skogreising og snauhogst dersom kvar hogstflate er større enn 2 dekar, er forbode. Det er forbode å felle særmerkte og dekorative tre, gaddar og daude tre som er med på å prega landskapet, og som er viktig for dyrelivet.

1.2. Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernområdet som ikkje bryt med verneføremålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, hogstflatene som er mindre enn 2 dekar og som ligg meir enn 40 meter fra kvarandre, vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk. Det er ønskeleg at stølsområda blir haldne i hevd.

1.3. Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til:

- a) Endring, ombygging eller utviding av vegar, bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevast i samråd med fylkeskonservatoren.*
- b) Nydyrking, oppføring av bygningar og anlegg tilknytta landbruksdrift når planane er godkjende i samråd med landbruksstyresmakta.*
- c) Snauhogst, treslagsskifte, skogreising eller anna skogdrift når planane er godkjende i samråd med landbruksstyresmakta.*

JORDBRUK

Naturforholda ligg fleire stader til rette for grasproduksjon. Setervollane er prega av kulturverksemd, og oppdyrking av vollane vil i mindre grad endre landskapsbiletet. Fleire grunneigarar nemner at det kan vera aktuelt å ta opp att støling igjen. Det blir ikkje slått innafør grensene av verneområdet i dag. Nydyrking og støling etter moderne metodar er fleire stader betinga av at det er mogeleg å føre fram veg.

Nydyrking i landskapsvernområdet kan skje etter løyve gitt av forvaltningsstyresmakta i samråd med landbruksstyresmakta, under føresetnad av at miljø- og landskapsomsyn er innarbeida i dyrkingsplanen. Dette medfører bl.a.:

- ingen større område må planerast
- større sammanhengende område med dyrka mark må unngås
- eventuell nydyrking bør først og fremst lokaliserast til dei eksisterande stølsvollane
- drenering må ikkje føre til store inngrep i landskapet
- elveløpa må ikkje påverkast ved regulering eller andre vesentlege tiltak
- det skal takast omsyn til dei høgast prioriterte områda med gamal kulturmark (ei slik prioritering må baserast på registreringar, sjå kap. 6.2)

Dyrkingstiltak skal handsamast etter retningslinene i pkt. 6.1.

Rydding av lauvkratt, einer, vier på stølsvollar som tidlegare har vore opne, reknast som skjøtselstiltak og kan gjerast utan vidare. Ei slik rydding kan også vere ønskjeleg på seint tilgrodd beitemark dersom det trengst meir beite. Skånsom beiteforbetring - P-K tilførsel, krattrydding, opnare beite - vil også kunne bli godteke.

SKOGBRUK

Skogen i området består av fjellbjørkeskog og furu. Berre ein stad, ved Svultanut i Kvannaldalen, er det planta gran. Denne blei planta tidlig på 1900-tallet, og er nærmast for eit kulturminne å rekne.

Tradisjonell utnytting av skogen har vore hogst av ved til eige bruk, og då særleg i samband med støling. Det er lov med uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten og flatehogst der flatene er mindre enn 2 dekar og ligg meir enn 40 meter fra kvarandre.

Hogst i skogen må bygge på retningsliner for hogst i verneskog, og m.a. ta omsyn til skog/tre som tener til vern mot skred og ras, som har verknad på lokalklimaet eller som vil ha vansker med å forynge seg. Landskapsbilete må haldast mest mogleg stabilt. Jfr. Lov om skogbruk og skogvern. Det er forbode å felle særmerkte og dekorative tre, gaddar og daude tre som er med på å prega landskapet, og som er viktig for dyrelivet.

Ved avvirkning er det ønskjeleg med plukkhogst/bledning. Hogst i bjørkeskogen kan vera med på å halde oppe den opne og beiteprega skogen. Der det er mogleg er det ønskjeleg at dei sterkaste hogstingrepa blir gjort i sona nærmast stølsvollane, og minskar gradvis med avstanden frå vollane.

Med dette ønskjer ein å oppnå eller ta vare på overgangen og variasjonen fra åpen voll til beiteskog og tettare skog.

Etablering eller fornying av furuskog bør skje ved stedege frøtre, eventuelt kongler. Ved hogst i furuskog bør det derfor settast igjen frøtre. Det kan det vera aktuelt med markberedning ved slik forynging, dvs. at en fjerner vegetasjon og humusdekket slik at mineraljorda blir blottlagt.

Snauhogst av større flater enn 2 daa, treslagskifte, skogreising eller anna skogdrift kan berre skje når planane er godkjende av forvaltningsstyresmakta i samråd med landbruksstyresmakta. Større skogprosjekt som omfattar skogsveg og større flater skal berre tillatast der det er økonomisk og skogfagleg forsvarleg og naudsynt ut frå drifta på bruket etter retningslinene i pkt. 6.1.

Utkjøring av trevyrke i utmark skal skje på frosen mark.

Vernereglane inneheld forbod mot å innføre nye treslag. Det er derfor ikkje tillate med granplanting.

VEGBYGGING

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til naudsynt vegbygging tilknytta landbruksdrift eller -tiltak dersom vegen er økonomisk og landbruksfagleg forsvarleg og naudsynt ut frå drifta på bruket, og ikkje bryt med verneføremålet (jfr. retningslinene i pkt. 6.1.). Planane må på førehand vere godkjende av landbruksstyresmakta, som i utgangspunktet held seg til dei nye forskriftene om planlegging og godkjenning av skogsveger. Dei nye forskrifene har som utgangspunkt at omsyn til friluftsliv, naturmiljø og kulturminner blir ivaretatt. Det vil frå forvaltningsstyresmakta bli ført ein restriktiv haldning til vegbygging, og det vil ved evt. løyve bli sett krav til god planlegging ved utforming og plassering i landskapet.

6.1.2 Motorferdsel i utmark

I verneforskriftene heiter det:

IV, For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

3. *Motorferdsel*

3.1. *Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag og flyging lågare enn 300 m over bakken er forbode.*

3.2. *Reglane i punkt 3.1. er ikkje til hinder for:*

- *Motorferdsel, dersom marka er så frosen at køyretyet ikkje gjer skade, i samband med person- og godstransport i jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærsanking blir her ikkje rekna som næring), og transport til og frå turisthytter av mat, utstyr og søppel. Forvaltningsstyresmakta kan innføre meldeplikt for køyring i utmark.*

3.3. *Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til:*

- *Motorferdsel i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy.*

Føremålet med å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag er å verne om naturmiljøet og fremje trivselen. Ein ønskjer å unngå skadar og ulemper som støy og forureining, terrengskadar og konflikhtar i forhold til dyreliv og tradisjonelt friluftsliv. Reguleringa gjeld alle typar motorferdsel: bruk av motorkøyretøy og motorfartøy, og landing og start med luftfartøy etc. Reglane om motorferdsel for landskapsvern- og biotopvernområdet er strengare enn Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Derfor bør søknader innafor verneområdet handsamast av forvaltningsstyresmakta fyrst. Forvaltningsstyresmakta bør sørge for koordinering der det er naudssynt med løyve også etter Lov om motorferdsel.

Reglane tar ikkje sikte på å nekte ferdsel som tener allment godkjente nyttebehov. Det er fyrst og fremst eventuell fornøyelsesprega ferdsel som reguleres. Køyring på barmark gir langt større terrengskader enn kjøring på vinterføre. Samstundes kan motorferdsel om vinteren vere eit større problem når det gjeld uroing av viltet. Dette tilseier ein generelt restriktiv haldning.

For nyttekjøring i utmark utover det som er lov etter punkt V, 3.2, og transport med luftfartøy kan det bli gitt løyve etter søknad. Det vil ved vurdering av søknader bli lagt vekt på om lufttransport er meir føremålstenleg enn alternativ transport, eller vurdering mellom motorferdsel på barmark kontra snødekt mark. Det kan i fleire høve vere ein fordel med lufttransport framfor bakketransport, ved at ein til dømes treng færre turar eller unngår skader på vegetasjonen.

Løyve kan bli gitt for fleire år av gongen eller permanent. Til dømes kan det gis permanent løyve for transport av kjøt i samband med jakta, eller transport til og frå turisthytter av mat, utstyr og søppel. Forvaltningsstyresmakta tek atterhald til å trekke løyve attende dersom viktige føresetnader blir endra eller ved brot på vilkår eller verneforskrift.

Det er i dag ikkje noko behov for å gi melding til forvaltningsstyresmakta etter køyring i utmark. Men dersom trafikken aukar mykje i framtida, kan ein innføre et slik opplegg. Det kan vidare bli aktuelt å opprette køyretraséar for bruk i næringsutøving etc.

6.1.3. Bygningar

I verneforskriftene heiter det:

IV, For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Landskapet

1.1. Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna:

- a) oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rasteplassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak, utfylling eller oppfylling av masse, drenering eller tørrlegging, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar eller røygater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, e.l.*

Opplistinga er ikkje fullstendig.

1.2. Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernområdet som ikkje bryt med verneføremålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, hogstflatene som er mindre enn 2 dekar og som ligg meir enn 40 meter fra kvarandre, vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk. Det er ønskjeleg at stølsområda blir haldne i hevd.*

1.3. Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til:

- a) Endring, ombygging eller utviding av vegar, bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevast i samråd med fylkeskonservatoren.*
- b) Nydyrking, oppføring av bygningar og anlegg tilknytta landbruksdrift når planane er godkjende i samråd med landbruksstyresmakta.*
- d) Bygging av jakt-, fiskebuer o.l. som sikrar ein god næringsmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressursar.*
- e) Bygging av hytter o.l. som er ein del av turløypenettet i fjellet.*

Vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg er ønskjeleg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk. Med dette meiner ein vanlege reparasjonar, men ikkje større bygningsarbeid som omfattar f.eks. skifte av vindustypar, anna type tak/veggkledning, påbygging etc.

Forvaltningstyresmakta kan på nærare vilkår gje løyve, i samråd med fylkeskonservatoren, til vesentleg endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg. Det same gjeld restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi.

Med restaurering meiner ein tilbakeføring til opphaveleg utsjånad, og det vert sett store krav til utforminga som skal samsvare med gamal byggeskikk. Forvaltningsstyresmakta vil ta opp spørsmål om vern og restaurering av bygningar og andre faste kulturminne med fylkeskonservatoren. Derved vil ein prøve å finne løysingar, som kan bli godtekne av brukarar og eigarar, når det gjeld vidare forvaltning og finansiering.

Ved oppbygging etter tap av bygningar ved brann, naturskade o.l. kan forvaltningsstyresmakta stille krav til utforming og endra lokalisering, dersom dette ikkje er til vesentleg ulempe for eigaren eller andre med bruksrett.

Bygningar som er naudsynte for landbruksdrift kan oppførast etter løyve frå forvaltningsstyresmakta, som kan be om ei landbruksfagleg vurdering tilsvarende den som er nemt under kapittel 6.1. Dette gjeld til dømes stølshus, dersom ein vil ta opp att stølsdrift. Som landbruk blir her rekna skog-, jordbruk og beitebruk, dessutan tradisjonelle utmarksnæringar som jakt, fiske og fangst.

Ved handsaming av løyve for bygging av jakt- og fiskebuer skal ein ta omsyn til storleiken på jaktterrenget og terrengtilhøva der. Talet på hytter og avstanden mellom deiskal vera slik at ein sikrar ein god utnytting av jakt- og fiskeressursane.

Det kan gis dispensasjon til å setja opp hytte som er tenkt primært til utleige og ikkje til bruk i ressursutnytting dersom:

- ho kan innpassast i eksisterande stølsmiljø
- hytta er knytta til hovudsysselsetjinga på bruket og er med på å trygge denne

Det vil bli lagt vekt på noverande overnattingskapasitet på bruket innafor verneområdet og i utmarka elles. Det vil bli lagt vekt på om ein kan setja opp tilsvarende bygg på bruket utanfor verneområdet.

Eventuelle nybygg skal tilpassas gamal byggeskikk og føye seg naturleg inn i miljøet rundt. Nybygg skal underordnast og tilpassast kultur- og bygningsmiljøet elles, utan at nybygg må vere kopiar av den eldre bygningsmassen.

6.1.4. Friluftsliv og reiseliv

I verneforskriftene heiter det:

IV, For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Landskapet

1.1. Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna:

- a) oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rasteplassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak, utfylling eller oppfylling av masse, drenering eller tørrlegging, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar eller røygater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, e.l.*

Opplistinga er ikkje fullstendig.

1.2. Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- b) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltningsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdselen i einskilde område.*

1.3. Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til:

- e) Bygging av hytter o.l. som er ein del av turløypenettet i fjellet.*
- f) Etablering av nye stiar og løyper.*

2. Plantelivet

2.1. Bergjunker og plantesamfunn med denne arten er verna mot skade og øydelegging som ikkje følgjer av tradisjonell bruk av området til landbruk, vanleg ferdsel, jakt og fiske.

4. Større organisert arrangement og annan aktivitet

4.1. Større organisert arrangement er forbode.

4.3. Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt kan gje løyve til større organisert arrangement.

I tråd med norsk friluftstradisjon (jf. friluftslova) er det i utgangspunktet fri ferdsel i landskapsvernområda. All ferdsel og aktivitet både i og utanfor landskapsvernområda skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt eller er til ulempe for andre (Friluftslova § 2).

Menneskeleg ferdsel kan kome i konflikt med naturvernomsyn, t.d. ved uroing av sjeldsynte dyr eller fuglar, eller ved stor vegetasjonsslitasje. Dette er problem som kan bøtast på anten ved "positive" (kanalisering og tilrettelegging) eller "negative" (restriksjonar og forbod) tiltak. Naturvernlova § 22 gjev høve til å regulere ferdsla i landskapsvernområde dersom det er naudsynt av omsyn til dyrelivet eller andre verneverdiar.

Stavanger turistforening har eit godt utbygd turisthytte- og løypenett som gjer området lett tilgjengeleg. Det skulle derfor ikkje vere naudsynt med noko vidare omfattande utbygging av hytte- eller løypenettet. Ein vidare fortetting av turistshytter og løyper er vanskelig å gjennomføre utan at det fører til meir uroing av dyrelivet. Det er derfor berre rom for ein begrensa tilrettelegging i framtida.

Det vil bli stilt strenge krav til ei slik tilrettelegging, slik at ein unngår uroing av viltet og vegetasjonsslitasje. Forvaltingsstyresmakta vil krevja godkjenning av nye turruter før løyper kan merkast eller nye hytter settast opp. Nye friluftaktivitetar kan bli eit problem enkelte stader. Aktivitetar som krever motor for gjennomføring er forbode i verneområdet. Fleire aktivitetar, som til dømes hest og terrengsykkel, kan i større omfang føre til store slitasjeproblem på vegetasjonen og kan gjere det aktuelt med regulering

I høyringsutgåva til Norsk sti- og løypeplan ligg det føre planar om ny turisthytte mellom Mostøl og Kyrkjesteinsdalen. Det er ikkje registrert interessekonfliktar knytta til denne. Derimot er det registrert interessekonfliktar til ei planlagt turrute frå denne nye hytta, mellom Raudnuten og Raudfjellet til løypa mellom Bleskestadmoen og Mostøl. Det vil vere negativt å redusere arealet der villreinen kan vere i fred og ikkje bli uroa av tur-/skigåarar. Ved å kanalisere alle til same ferdselsåre gir ein naudsynt rom for villreinen.

Ei planlagt/delvis merka turrute frå Sloaros til Bleskestadmoen bør ikkje opparbeidast. Denne vil gje konfliktar med villreintrekket NV-SA spesielt om hausten, og ho vil forstyrre reinen i viktige beiteområder. Traseen er konfliktfylt fordi det er svært mange vatn og vanskeleg terreng som hindrer reinen i å leggje om trekket. Det er planlagt ei hytte med registrert interessekonflikter ved Ståvassdalen/Kvanndalen. Dette er eitt av dei få områda der reinen nå har ro nok til å få beitefred rundt Haukeli.

Stavanger turistforening har i høyringa til Norsk sti- og løypeplan foreslått at området aust for Suldal rett over fylkesgrensa til Aust-Agder blir gradert til sone 1, naturområde utan tilrettelegging. Sone 1 dekker areal for friluftsliv utan tilrettelegging av noko slag, ingen nye innretningar for friluftsliv og der det er aktuelt å vurdere vern etter naturvernlova. Turistforeningen ser det som vesentleg at det langs den etablerte hovudaksen blir liggande område av kategorien "naturområder uten tilrettelegging".

Tunge reiselivsprosjekt må plasserast utafor verneområdet. Gjennom soneinndeling kan ein peike ut områder for spesiell tilrettelegging for reiseliv.

Tilknyttatiltak som merka stiar til attraksjonar, informasjonsskilt, turlosing m.m. kan ein søke om løyve til. Reiseliv er eit tema ein bør kome nærare innpå ved revidering av forvaltningsplanen.

Dyraheio og Kvanndalen er i dag lett tilgjengelege med bil. På vestsida går det veg inn til Kvelvane i Kvanndalen, veg inn til Sandvatnet og til Mostøl og veg opp til Saurdal pumpekraftstasjon. På austsida gjer vegen inn til Blåsjømagasinet fjellområda lett tilgjengelige, med f.eks. berre to timars gange frå vegen og inn til Stranddalen. Det skulle derfor ikkje vere naudsynt med nye vegar eller omfattande tilrettelegging for å letta tilkomsten for turistane.

6.1.5 Villrein, jakt og fiske

Dyrelivet vert regulert av viltlova og lov om laksefiske og innlandsfiske, med forskrifter. Jakt og fiske kan drivast i samsvar med dei lover og reglar som til ein kvar tid gjeld. Ansvar for villreinen ligg under same forvaltningsapparat som før.

For å sikre dyrelivet må ein verne om leveområda. Biotopvern etter viltlova inneber at alle inngrep og all ferdsel må ta omsyn til villreinen, og at ein kan forby inngrep og ferdsel som kan hindre reinen sin bruk av områda. Eit landskapsvern etter naturvernlova er ikkje noko direkte vern av dyrelivet utover det generelle vernet i viltlova. Men eit landskapsvern sikrar leveområda for viktige viltartar mot uheldige tekniske inngrep.

Med heimel i §§ 7 og 8 i viltlova har ein høve til å forby eller regulere ferdsel i viktige viltområde. Gjennom § 22 i naturvernlova har ein høve til å "forby enhver ferdsel hele året eller en del av året når det anses nødvendig for å bevare plante- eller dyrelivet eller geologiske forekomster". For å sikre viltet mot uroing kan ein leggje ned totalt forbod mot ferdsel i eit landskapsvernområde. Forbodet treng ikkje gjelde heile verneområdet.

Nærare detaljar og haldepunkt for regulering av ferdsel forutset betre kunnskap om villreinen, eller anna sårbart vilt. Det er òg eit mål for forvaltningsstyresmakta å skaffe betre kunnskap om omfanget og utviklinga av ferdsla i området.

Då reintrekka kan endrast over tid kan det vere vanskeleg å setje opp slike reglar for mange år om gongen. Trekka er vanlegvis svært stabile, men blir nå endra som ei tilpassing til inngrep og ny bruk av heia. Ferdseleksriksjonar eller -forbod som skal gjelda til bestemte tider for bestemte område kan vedtakast av Direktoratet for naturforvaltning med heimel i verneforskriftene.

Utsetjing av fisk kan halde fram som i dag. Vatna i eit kjerneområde inn mot Aust-Agder har ein pH mellom 5 og 6. Ellers i områda nord, aust og sør for kjerneområdet ligg pH-verdiane mellom 6 og 7. Ingen av vatna er spesielt sure og det er ikkje aktuelt med kalking av vatna i området i dag. Vassdragskalking er eit restaurerande tiltak som kan bli aktuelt å utføre i framtida, og som er ein måte å halde oppe ein ønska naturtilstand.

6.2. Tiltak og skjøtselsplan

Dette er tiltak som gagnar verneføremålet og hjelper til å oppretthalde det ønskjelege landskapsbilete og verdifulle kulturlandskap og kulturminne. Tiltak for økologisk skjøtsel av eit område kan delast i to grupper:

- restaurerande tiltak for å få området i ein ønska tilstand
- tiltak for å halde oppe ein ønska naturtilstand

Rydding og istandsetting er to aktuelle restaurerande tiltak. Eitt skjøtselsmål er å hindre at det opne stølslandskapet gror til med tre og kratt. For å ta vare på ein bestemt kulturprega tilstand, bør kulturtrykket som har gitt denne tilstanden halde fram. I tidlegare tider besto kulturtrykket i stølssona av stølsdrift, slått og beiting, og andre aktivitetar som var knytta til stølsdrift, til dømes ein betydeleg vedhogst. Gjennom dei siste åra har stølssona hovudsakleg blitt brukt som beiteområde. Dersom beitinga sluttar vil stølsområda i Kvanndalen og Dyraheio truleg vekse til med skog og kratt. Det er derfor vesentlig at:

- beiting blir halden på minst same nivå som i dag.
- beitetrykket bør kontrollerast for å hindre uønska vegetasjonsutvikling.
- om det er naudsynt bør stølsvollane ryddast for bjørk, einer og vier, slik at dei held seg opne
- ein sikrar open bjørkeskog gjennom beite, og sørgjer for rekruttering av ung furu og tek vare på gamal furu
- ein sikrar eit rikt planteliv ved å unngå intensiv gjødsling på prioriterte, særleg verdifulle og artsrike stølsvollar og slåttemark
- ein sikrar kulturminna og samanhengen mellom dei og kultur- og naturlandskapet

Så lenge drifta i Kvanndalen og Dyraheio hindrar tilgroing er det ikkje naudsynt for forvaltningsstyresmakta å gripe inn med verkemiddel. Dersom landbruksverksemda ikkje er tilstrekkeleg for å vedlikehalde landskapspreget slik det nå er, vil forvaltningsstyresmakta vurdere tiltak for å hindre vesentlege endringar.

Det kan bli aktuelt å gjennomføre ei enkel registrering og kartlegging av vollar og slåttemark slik det var så langt tilbake som folk kan hugsa. Det er naudsynt å få auka kunnskaper om kulturmarkstypene i område før ein kan seia noko meir om eventuell skjøtsel.

Det er vidare ønskjelig at bygningane i Kvanndalen og Dyraheio blir haldne vedlike og restaurert. Sjå kapittel om bygningar.

Det kan bli aktuelt å opprette skjøtselssoner der ein nærare beskriv ønskjeleg skjøtsel og vegetasjonsutvikling for utvalgte område.

Til dømes er det ønskjeleg å skjøtte bjørkehagen/skogen ved Bleskestadmoen. Bjørkehagen bør ryddast for nedfalne tre og høge stubbar etter vedhogst vinterstid. Dei fleste bjørketrea er gamle og storvaksne, og ein bør sikre rekrutering av unge tre samstundes som beitetrykket held fram.

Forvaltningsstyresmakta har ansvaret for å setja igang, driva og kosta dei skjøtselstiltaka som ein blir samde med grunneigarane om. Interessene for skjøtsel og bruk kan vere samanfallande. Tiltak som vert utført av grunneigarar, til deira eiga nytte og på eige initiativ, er grunneigarens økonomiske ansvar, sjølv om det gagnar skjøtselen av området. I tillegg kan det tenkast samarbeidsordningar der utgiftene vert delte, dersom det er felles interesser.

Det vil vere viktig å dokumentere og følgje opp skjøtselstiltak for å sjå om dei har ønska effekt, og for å vinne fagleg kunnskap.

I brosjyren "Tilskudd til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap" frå Statens fagtjeneste for landbruket står det:

"Gjennom tilskudd til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap kan ein få støtte til skjøtsel av verdifullt kulturlandskap som ikke haldast vedlike ved vanleg landbruksdrift. For 1993 er det bevilga 30 mill.kr. til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap, medrekna skog og og utmark med spor etter landbruksdrift. Midlane vil truleg auke og skal nyttast til følgjande delmål:

- betre tilgjenge og landskapsopplevinga
- ta vare på og utvikle eit rikt plante- og dyreliv
- halde gamal kulturmark i hevd
- ta vare på og bruke kulturminne

Det blir gitt støtte til gardsbruk i drift. Gardsbruk i offentleg eige kan også søkje. Enkelttiltak, fellestiltak og samarbeid med lag og organisasjonar er aktuelt. Tiltak må tilpassast vilkår som landbruks-, miljøvern- og kulturvernstyresmaktene legg til grunn.

Tiltak for å betre tilgjenge og opplevingar

Tiltak skal betre høve for ferdsel til fots og oppleving av landbrukets kulturlandskap for fritid og rekreasjon.

Tiltak for å fremje utvikling av biologisk mangfold.

Udyrka areal i kulturlandskapet er viktige leveområde for naturleg plante- og dyreliv. Det er eit mål å ta vare på og utvikle eit nettverk av biotopar.

Tiltak i område som er verna etter naturvernlova skal planleggjast i samarbeid med fylkesmannen si miljøvernnavdeling.

Tiltak for å halde gamal kulturmark i hevd

Ulike kulturmarkstyper er utvikla ved beiting og gamle haustingsmetodar:

- urterik slåtteeng, slåttemark og fukteng
- stølsvoll, beitebakke og beitemark
- hagemark og lund
- stubbeskog, styvingtre og lynghei

Tradisjonell kulturmark krev skjøtselstiltak for å hindre gjengroing og forfall.

- rydding og tynning av vegetasjon
- slått, beiting og gjerding
- hogst av stubbeskog, styving, lauving og lyngbrenning

Tiltak for å bevare og bruke kulturminne

Kulturminne er restar og spor etter busetting, landbruksdrift og anna verksemd frå historisk tid og fram til nå. Midlar blir gitt til tilrettelegging for betre tilgjenge og bruk av kulturminne.

Støtte blir gitt til tiltak for bevaring og bruk av freda og nyare kulturminne og kulturmiljø som:

- bo- og fangstplass, tuft, gravhaug og steinsetting
- bygningar i utmark, røyser, vegfar og gjerder
- tun, gardshage og allé med historisk verdi
- jarnutvinningsanlegg, koie og stem

Kulturminne og nærmiljø bør gjerast synlege og sikrast mot forfall ved skjøtsel og istandsetting:

- rydding og tynning av vegetasjon
- slått, beiting eller utbetringstiltak
- merking og enkel informasjon

Tiltak på og omkring freda kulturminne skal planleggjast i samarbeid med kulturetaten i fylkeskommunen.

Det kan bli gitt tilskudd til område verna etter naturvernlov og kulturminnelov når vernereglane forutsett skjøtsel ved aktivt jordbruk, eller ikkje er til hinder for vanleg jordbruksdrift."

Ei kartlegging av særskilt verdfullt kulturlandskap kan få fram om det finst område innafor landskapsvernordninga som har slike verdiar at det kan søkast på tilskot til spesielle tiltak. Forvaltningsstyresmakta bør vidare arbeide aktivt for at det blir søkt på desse tilskota for dei aktuelle områda innafor landskapsvernordninga.

7. FORVALTNING, OPPSYN OG INFORMASJON

7.1. Dei ulike forvaltningsorgana

Direktoratet for naturforvaltning er eit administrativt og iversettjande fagleg organ underlagt Miljøverndepartementet. Direktoratet er klageinstans for vedtak som lågare forvaltningsorgan har fatta. For dei verna områda i Suldal kommune gjeld dette vedtak fatta av fylkesmannen eller den fylkesmannen bestemmer. Direktoratet for naturforvaltning skal også hjelpe med rettleiing og informasjon når det gjeld forvaltning av verneområde. DN har mynde til å regulere ferdsla i området.

Det er ønskjeleg og naturleg at fylkesmannen og kommunen finn ein praktisk måte å fordele ansvar og arbeidsoppgåver på i samband med vern i heiområdet. Delegering av ansvar for einskilde vernereglar eller heile forvaltninga av verneområda til kommunen kan vere eit ledd i dette. Ein føresetnad for ei slik delegering er at kommunen har fagleg kompetanse, d.v.s. ein miljøvernrådsgjevar e.l.

Delegering av ansvar for naturforvaltning til kommunane har vore ein del av reformprogrammet miljøvern i kommunane (MIK). 25 kommunar er med med i eit forsøk der kommunane m.a. får ansvaret for forvaltning av område verna etter naturvernlova med følgjande viktige arbeidsoppgåver:

- revidering av forvaltningsplan
- oppsyn
- dispensasjonar

7.2. Rådgjevande utval for forvaltninga

Til å hjelpe Fylkesmannen/kommunen i forvaltninga av verneområda skal det opprettast eit tilsynsutval med representantar frå kommunen, grunneigarane og fagetatar. Andre organisasjonar som t.d. turistforeining, kraftselskap, jeger- og fiskerforbund kan vere representert i utvalet. Utvalet kan ha 6-10 representantar og eit fast sekretariat.

Utvalet bør drøfte prinsipielle spørsmål og gje råd til forvaltningsstyresmakta med omsyn til forvaltninga av verneforskriftene.

7.3. Plan for oppsyn

Det er vanleg at det blir oppretta eit oppsyn i område verna etter naturvernlova. Ein bør inngå ein samarbeidsordning med andre verneområder og andre interessentar (fjellstyret, Statsskog, grunneigarlag osv.).

7.4. Informasjon

Det er ønskeleg med meir opplysning til fjellturistane, mellom anna på turistforeningshyttene. Slik informasjon bør ha som mål å medverke til at folk vert klar over og tek omsyn til naturverdiane og dyrelivet. Tema som kan takast opp i slik informasjon er kor sårbar reinen er for uroing og ferdsel, konflikhtar mellom hundar i forhold til sau og vilt, sjeldsynte planter som ikkje bør plukkast, og betre opplysningar frå kraftselskapa om vintermerking av løyper og regulering av vatn.

Informasjon er eit viktig element i arbeidet med forvaltning av heiområdet og er eit tema som bør bli behandla meir omfattande i ein seinare forvaltningsplan.

8. LITTERATURLISTE

Abrahamsen, T. og Bakken O. 1984. Landskapsvernområder - en analyse av verneformen. Semesteroppgave ved hovedkurs i naturforvaltning ved Norges landbrukshøgskole. Ås-NLH.

Arkeologisk museum i Stavanger 1975. Arkeologisk datarapport fra Ulla/Førreundersøkingane 1974. Stavanger.

Arkeologisk museum i Stavanger 1983a. Registeringer av arkeologiske kulturminner i Kvanndalen i tidsrommene 19-24.06.83 og 31.07-12.08.83. Stavanger.

Arkeologisk museum i Stavanger 1983b. Registrering av etnologiske kulturminner i Kvanndalen i tidsrommene 21-24.06 og 29-30.09.83 i samband med planar om vasskraftutbygging. Stavanger.

Backer, I. L. 1986. Naturvern og naturinngrep. Forvaltningsrettslige styringsmidler. Universitetsforlaget, Oslo.

Bang-Andersen, Sveinung 1974. Opplysninger om kulturminner og bergkrystallokaliteter diverse steder i Suldal- og Bykleheiene. (Rogaland, Aust-Agder og Telemark fylke). Stavanger.

Bang-Andersen, Sveinung 1983a. Kulturminner i Dyraheio. Sammenfatning av arkeologiske registreringer utført 1972-1979 i Suldal-, hjelmeland- og Bykleheiene i Rogaland og Aust-Agder som ledd i Ulla/Førre-undersøkelsene. AmS-Varia 12. Arkeologisk museum i Stavanger, Stavanger.

Bang-Andersen, Sveinung 1983b. Innberetning om prøvestikking etter åpne steinalderlokaliteter i øvre del av Kvanndalen i Suldalsheiene sommeren 1983. Stavanger.

Bang-Andersen, Sveinung 1984. Notat om fortsatt registrering av kulturminner innenfor det planlagte magasinområdet i øvre del av Kvanndalen i Suldalsheiene sommeren 1984. Stavanger.

Dahl, Ove 1906. Botaniske undersøgelser i indre Ryfylke. I. Christiania Videnskaps-Selskabs Forhandlinger for 1906 no. 3, s. 26-35. Jacob Dybwad, Christiania.

Dahl, Ove 1907. Botaniske undersøgelser i indre Ryfylke. II. Christiania Videnskaps-Selskabs Forhandlinger for 1907 no. 4, s. 1-14. Jacob Dybwad, Christiania.

Direktoratet for naturforvaltning 1989. Rapport nr. 7 - 1989. Forvaltning av naturområder i Norge. Trondheim.

Direktoratet for naturforvaltning 1990. Forslag til mål og retningslinjer for norsk sti- og løypeplan. Høringsutgave. Del 1 - arealbehov og tilrettelegging for lengre fotturer og skiturer i Norge. Tilråding fra en prosjektgruppe oppnevnt av Direktoratet for naturforvaltning. Trondheim.

Eide, Frøydis & Arvid Odland 1981. Botanisk befarung i Røldal-Suldal i Forbindelse med videre kraftutbygging i området. Med et forslag til en flora-, vegetasjons- og vegetasjonshistorisk undersøkelse. Botanisk institutt. Universitetet i Bergen.

Foldøy, Oddveig 1988. Kvanndalen var "den beste seterdalen" i Suldal. I Stavanger Turistforening, Velkommen til fjells. En håndbok for turer fra Haukeliset i nord til Frafjord i sør. Stavanger.

Fylkesmannen i Buskerud, miljøvern avdelingen 1991. Skjøtselsplan, Hydalen landskapsvernområde, Hemsedal. Drammen.

Fylkesmannen i Nordland, miljøvern avdelingen 1990. Rapport 6:90. Forvaltningsplan for de verna områdene i Saltfjellet. Bodø.

Fylkesmannen i Rogaland 1986. En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland. Stavanger.

Fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland 1984. Setesdal Vesthei. Inngrepsoversikt i perioden 1973-1984. Kristiansand.

Fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland 1991. Heiområdet Setesdal - Ryfylke, foreløpig utkast til verneplan av 29.mai 1991. Kristiansand.

Gaare, E., Jonsson, B., Skogland, T. og Steinnes, E. 1991. Tsjernobyli - sluttrapport fra NINA's radioøkologi-program 1986-1990. Oversikt over resultatene. Norsk institutt for Naturforskning, temahefte 2 s. 9-13. Trondheim.

Hansen, Finn Berg & Anne-Cath. Slette 1987. Verneverdige natur- og friluftsområder i Suldal kommune - en registrering. Telemark distriktshøgskule, Bø.

Holmen, Tora M. 1973. Ulla - Førre undersøkelsene. Årsrapport 1973. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

Holt, G., Norheim, G. og Frøslie, A 1985: Tungmetaller hos vilt i Norge. Foredrag på seminar om sur nedbørs virkning på skog og fauna. Norsk landbruksakademikerforbund, Agder krets og Miljøverndept., red. T. Egerhei, s. 105-113.

Meli, J. J. 1989. Radioaktivitet i vilt. Villreinen 3. årg. s.18.

Meyer, Ole Berger & Astrid Botnen 1983. Flora og vegetasjon i Kvanndalen, Suldal, indre Ryfylke. Botanisk institutt. Rapport 31. Universitetet i Bergen.

NOU 1974:39. Fjellplan for Setesdal Vesthei. Universitetsforlaget, Oslo, Bergen, Tromsø.

NOU 1986:13. Ny plan for nasjonalparker. Universitetsforlaget, Oslo.

NU B 1977:34. Nordisk Utredningsserie. Naturgeografisk regionindelning av Norden. Stockholm.

Planfagleg rådgjevingsgruppe 1986. Heiområdet Setesdal-Ryfylke. Framlegg til mål og retningslinjer for arealbruk. Framlegg frå ei planfagleg rådgjevingsgruppe for heiområdet Setesdal-Ryfylke oppnemnt etter initiativ frå fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. Kristiansand.

Prøsch-Danielsen, Lisbeth 1990. Vegetasjonshistoriske studier fra Suldal og Sauda kommuner, Nord-Rogaland. AmS-Rapport 2. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

Steinnes, Audun 1988: Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland. Økoforsk rap. 1988:12. Ås-NLH.

Styringsgruppa for forprosjektet til fleirbruksplanen for Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane 1991. Fleirbruksplan for Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane. Forprosjektet. Kristiansand.

Veka, Johan 1988. Bleskestadmoen. I Stavanger Turistforening, Velkommen til fjells. En håndbok for turer fra Haukelisetet i nord til Frafjord i sør. Stavanger.

UFU 1975. Arkeologisk datarapport fra Ulla/Førre-undersøkingane 1974. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

UFU 1978. Arkeologisk datarapport fra Ulla/Førre-undersøkingane 1976 og 1977. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

UFU 1982. Arkeologisk datarapport fra Ulla/Førre-undersøkingane 1978 - 1982. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

9. VEDLEGG

Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde i Suldal kommune, Rogaland fylke

I

I medhald av Lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 5, jf. § 6 og §§ 13, 21, 22 og 23 er eit område i Suldal kommune verna som landskapsvernområde ved Kgl. res. av xx.xx.199X under namnet "Dyraheio landskapsvernområde".

II

Området omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 38/1, 39/1,2, 40/1,2, 41/2, 42/1,2,3, 43/1,2, 54/1,2,3, 55/1, 56/1,2,3, 57/1,2, 66/1, 67/1,3, 68/1,2,3,4,5, 137/Suldal statsallmenning.

Området dekker eit areal på ca. 300 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1:100 000, datert Miljøverndepartementet XX.XX.199X. Kart og verneforskrift blir oppbevart i Suldal kommune, hos Fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunktene bør koordinatfestast.

III

Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv, verdifulle stølsområde og beitelandskap og eldre og nyare kulturminne etter støling, heiebeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

IV

For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Landskapet

1.1. Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna:

- a) oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rasteplassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak, utfylling eller oppfylling av masse, drenering eller tørrlegging, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar eller røyr-gater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, e.l.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

- b) nydyrking, treslagsskifte, granplanting, skogreising og snauhogst dersom kvar hogstflate er større enn 2 dekar, er forbode. Det er forbode å felle særmerkte og dekorative tre, gaddar og daude tre som er med på å prega landskapet, og som er viktig for dyrelivet.

1.2. Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- a) Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernområdet som ikkje bryt med verneføremålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, hogstflatene som er mindre enn 2 dekar og som ligg meir enn 40 meter fra kvarandre, vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk. Det er ønskjeleg at stølsområda blir haldne i hevd.
- b) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltningsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdselen i einiskilde område.

1.3. Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til:

- a) Endring, ombygging eller utviding av vegar, bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevast i samråd med fylkeskonservatoren.
- b) Nydyrking, oppføring av bygningar og anlegg tilknytta landbruksdrift når planane er godkjende i samråd med landbruksstyresmakta.

- c) Snauhogst, treslagskifte, skogreising eller anna skogdrift når planane er godkjende i samråd med landbruksstyresmakta.
- d) Bygging av jakt-, fiskebuer o.l. som sikrar ein god næringsmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressursar.
- e) Bygging av hytter o.l. som er ein del av turløypenettet i fjellet.
- f) Etablering av nye stiar og løyper.

2. Plantelivet

- 2.1. Bergjunker og plantesamfunn med denne arten er verna mot skade og øydelegging som ikkje følgjer av tradisjonell bruk av området til landbruk, vanleg ferdsel, jakt og fiske.

3. Motorferdsel

- 3.1. Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag, flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode.

- 3.2. Reglane i punkt 3.1. er ikkje til hinder for:

- Motorferdsel, dersom marka er så frosen at køyretyet ikkje gjer skade, i samband med person- og godstransport i jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og børsanking blir her ikkje rekna som næring), og transport til og frå turisthytter av mat, utstyr og søppel. Forvaltningsstyresmakta kan innføre meldeplikt for køyring i utmark.

- 3.3. Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til:

- Motorferdsel i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy.

4. Større organisert arrangement og annan aktivitet

4.1. Større organisert arrangement er forbode.

4.2. Reglane i punkt IV er ikkje til hinder for:

- Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsøyemed. Vanleg vedlikehald og drift av kraftliner og -installasjonar.

4.3. Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt kan gje løyve til større organisert arrangement.

V

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for gjennomføring av tiltak når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving.

VI

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjere unntak frå vernereglane for vitenskaplege granskingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særskilde høve når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

VII

Forvaltninga av forskrifta er lagt til fylkesmannen i Rogaland.

VIII

Desse fredningsforskriftene tek til å gjelde straks.

Forskrift om vern av Kvanndalen landskapsvernområde i Suldal kommune, Rogaland fylke

I

I medhald av Lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 5, jf. §§ 6, 13, 21, 22 og 23 er eit område i Suldal kommune verna som landskapsvernområde ved Kgl. res. av xx.xx.199X under namnet "Kvanndalen landskapsvernområde".

II

Området omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 68/1,16,26,53, 69/1,3.

Området dekker eit areal på ca. 84 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1:62 000, datert Miljøverndepartementet XX.XX.199X. Kart og verneforskrift blir oppbevart i Suldal kommune, hos Fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunktene bør koordinatfestast.

III

Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv, verdifulle stølsområde og beitelandskap og eldre og nyare kulturminne etter støling, heiebeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

IV

For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Landskapet

1.1. Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna:

a) oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rasteplassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak, utfylling eller oppfylling av masse, drenering eller tørrlegging, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar eller rørgater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, e.l.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

b) nydyrking, treslagsskifte, granplanting, skogreising og snauhogst dersom kvar hogstflate er større enn 2 dekar, er forbode. Det er forbode å felle særmerkte og dekorative tre, gaddar og daude tre som er med på å prega landskapet, og som er viktig for dyrelivet.

1.2. Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

a) Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernområdet som ikkje bryt med verneføremålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, hogstflatene som er mindre enn 2 dekar og som ligg meir enn 40 meter fra kvarandre, vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk. Det er ønskjeleg at stølsområda blir haldne i hevd.

b) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltningsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsele i einskilde område.

1.3. Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til:

a) Endring, ombygging eller utviding av vegar, bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevast i samråd med fylkeskonservatoren.

b) Nydyrking, oppføring av bygningar og anlegg tilknytta landbruksdrift når planane er godkjende i samråd med landbruksstyresmakta.

- c) Snauhogst, treslagskifte, skogreising eller anna skogdrift når planane er godkjende i samråd med landbruksstyresmakta.
- d) Bygging av jakt-, fiskebuer o.l. som sikrar ein god næringsmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressursar.
- e) Bygging av hytter o.l. som er ein del av turløypenettet i fjellet.
- f) Etablering av nye stiar og løyper.

2. Plantelivet

- 2.1. Bergjunker og plantesamfunn med denne arten er verna mot skade og øydelegging som ikkje følgjer av tradisjonell bruk av området til landbruk, vanleg ferdsel, jakt og fiske.

3. Motorferdsel

- 3.1. Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag, flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode.
- 3.2. Reglane i punkt 3.1. er ikkje til hinder for:
 - Motorferdsel, dersom marka er så frosen at køyretyet ikkje gjer skade, i samband med person- og godstransport i jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og børsanking blir her ikkje rekna som næring), og transport til og frå turisthytter av mat, utstyr og søppel. Forvaltningsstyresmakta kan innføre meldeplikt for køyring i utmark.
- 3.3. Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til:
 - Motorferdsel i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy.

4. Større organisert arrangement og annan aktivitet

4.1. Større organisert arrangement er forbode.

4.2. Reglane i punkt IV er ikkje til hinder for:

- Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsøyemed. Vanleg vedlikehald og drift av kraftliner og -installasjonar.

4.3. Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt kan gje løyve til større organisert arrangement.

V

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for gjennomføring av tiltak når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving.

VI

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjere unntak frå vernereglane for vitskaplege granskingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særskilde høve når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

VII

Forvaltninga av forskrifta er lagt til fylkesmannen i Rogaland.

VIII

Desse fredningsforskriftene tek til å gjelde straks.

Forskrift om vern av Holmavassåno biotopvernområde i Suldal kommune, Rogaland fylke

I

I medhald av Lov om viltet av 29. mai 1981 § 7, 2.ledd er eit område i Suldal kommune verna som biotopvernområde ved kongeleg resolusjon av XX.XX.199X under namnet "Holmavassåno biotopvernområde".

II

Området omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 67/14, 68/1,16.

Området dekker eit areal på ca. 23 km².

Grensene for verneområdet framgår av vedlagt kart i målestokk 1:62 000, datert Miljøverndepartementet XX.XX.199X. Kart og verneforskrift blir oppbevart i Suldal kommune, hos Fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkt bør koordinatfestast.

III

Føremålet med biotopvernet er å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde.

IV

For biotopvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, gjera villreinen sitt livsmiljø ringare eller hindre villreinen i å trekkje gjennom området, herunder oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rasteplassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak eller oppfylling av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureingstilførsler, framføring av luftleidningar eller rørgater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, e.l.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

2. Motorisert ferdsel i utmark, flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode.
3. Større organisert arrangement er forbode.

V

Reglane i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsøyemed. Vanleg vedlikehald og drift av kraftliner og -installasjonar.
2. Vanleg drift av landbruksareala i biotopvernområdet som ikkje bryt med verneføremålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta og vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk.
3. Motorferdsel, dersom marka er så frosen at køyretyet ikkje gjer skade, i samband med person- og godstransport i jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og børsanking blir her ikkje rekna som næring), og transport til og frå turisthytter av mat, utstyr og søppel. Forvaltningsstyresmakta kan innføre meldeplikt for køyring i utmark.
4. Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltningsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdselen i einskilde område.

VI

Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til:

1. Endring, ombygging eller utviding av vegar, bygningar og andre anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevast i samråd med fylkeskonservatoren.
2. Bygging av jakt-, fiskebuer o.l. som sikrar ein god næringsmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressursar.
3. Etablering av nye stiar og løyper.
4. Motorferdsel i utmark og landing med luftfartøy.
- 5- Større organisert arrangement.

VII

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjere unntak frå vernereglane for vitskaplege granskingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særskilde høve når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

VIII

Forvaltninga av forskrifta er lagt til fylkesmannen i Rogaland.

IX

Desse fredningsforskriftene tek til å gjelde straks

Handlingsplan

Alle aktuelle tiltak som forvaltningsstyresmakta skal stå for dei nærmaste 2-4 åra bør ordnas kronologisk og stå samla bak i forvaltningsplanen. Når det rådgjevande utvalet har blitt oppretta bør det utarbeidast ein første handlingsplan for området.


**KVANNDALEN
LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

**HOLMAVASSÅNO
BIOTOPVERNOMRÅDE**

**SULDAL KOMMUNE,
ROGALAND**

M1:62 000
KART M711 1314 II, 1414 III, 1414 IV

FYLKESMANNEN I ROGALAND JUNI 1992



**KVANNDALEN
LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

**HOLMAVASSÅNO
BIOTOPVERNOMRÅDE**

**DYRAHEIO
LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

**SULDAL KOMMUNE,
ROGALAND**

M1:100 000
KART M711 1313 I, 1314 II, 1413 IV, 1414 III

FYLKESMANNEN I ROGALAND JUNI 1992

